



Uio • Universitetet i Oslo

Ei kommentert omsetting av *Reservoir* 13 av Jon McGregor

Aslaug Haraldsdotter Laukeland

Masteroppgåve i litterær omsetting frå engelsk til nynorsk ved
Institutt for litteratur, områdestudie og europeiske språk

Det humanistiske fakultet

UNIVERSITETET I OSLO

2. juni 2020

**Ei kommentert omsetting av *Reservoir*
13 av Jon McGregor**

© Aslaug Haraldsdotter Laukeland

2020

Ei kommentert omsetting av *Reservoir 13* av Jon McGregor

Aslaug Haraldsdotter Laukeland

<http://www.duo.uio.no/>

Trykk: Reprosentralen, Universitetet i Oslo

Takk

Tusen takk til den framifrå rettleiaren min, Ragnhild Eikli, som introduserte meg for teksten til Jon McGregor og som har komme med verdifulle innspel og oppmuntring under heile arbeidet med omsettinga. Takk også til mamma og bror min, Håvard, for å ha lese korrektur.

Innhald

Samandrag av <i>Reservoir 13</i> av Jon McGregor.....	1
Omsettinga.....	3
Kommentar.....	35
Innleiing.....	35
Nynorsk språkdrakt og innslag av vestnorsk dialekt.....	35
Flyt andsynes presisjon.....	40
Bruk av passiv setningsstruktur.....	42
Humor.....	43
Omsetting av kulturelle fenomen.....	45
Nokre ord om enkelte ord og vendingar.....	49
Politisk ukorrekte ord og vendingar.....	52
Konklusjon.....	53
Litteraturliste.....	54
Vedlegg.....	56

1. Samandrag av *Reservoir 13* av Jon McGregor

Reservoir 13 byrjar ved årsskiftet i ein ikkje-namngjeven landsby i Nord-England, i nærleiken av Manchester, truleg i Peak District. Ei tretten år gammal jente, Rebecca Shaw, forsvinn på heiane ovanfor landsbyen, og innleiingsvis trur lesaren at det er dette mysteriet romanen skal handle om. I staden viser det seg at boka skildrar korleis tida og liva går vidare for innbyggjarane i landsbyen. Vi fylgjer landsbyen over tretten år, og kvart år har eit eige kapittel som fylgjer månadane kronologisk. Det er verken protagonist eller eit konvensjonelt plott i romanen. McGregor skildrar dagleglivet – med dei små detaljane og rutinane det inneber – til dei mange karakterane utan å fokusere særskilt på nokon av dei. Forfattaren integrerer også menneska med resten av naturen. År etter år vert vekslingane i årstidene i ulike deler av naturen vektlagt. Vi ser korleis vasshøgda i magasina varierer, korleis elva renn dei ulike årstidene, kva fuglar som kjem og fer, sumarfuglar i og ute av dvale, revar på vandring eller i hi. Sidan romanen går over fleire år og fylgjer tida kronologisk – og ved at romanen fylgjer både menneske, fuglar, dyr og naturkrefter – syner McGregor korleis alle elementa i romanen er på nåde av tida. *The Guardian* meiner det er nettopp det boka er: “a chilling meditation on time” (Hadley 2017). Og nett som årshjulet, går romanen i sirklar. Mange setningar går om att dei ulike åra, ofte med små nyanseskilnader. På grunn av denne strukturen til romanen, vert dei sirkulære draga i menneskenaturen tydelege. Den distanserte forteljarrøysta tek oss gjennom fødsjar, gravferder, giftarmål, skilsmisser, born som veks opp og vert studentar og arbeidstakarar, karakterar som er utru, karakterar som forsonar seg med kvarandre, karakterar som kjem i fengsel, karakterar som ikkje greier å forandre seg. Dei nye generasjonane som veks opp, held grovt sett fram som dei førre. Det kjem ingen revolusjonære openberringar for karakterane ettersom åra går. Den notoriske skjørtejegeren Gordon Jackson er og blir skjørtejeger. Martin Fowler er og blir upåliteleg. Den einsame keramikaren Geoff Simmons er og blir einsam. Mysteriet om kva som har hendt med Rebecca Shaw er og blir uløyst. Andre karakterar går sakte og gradvis gjennom forandringar. Irene frigjer seg sakte frå sonen. Ekteparet Su og Austin veks gradvis saman og vert meir harmoniske med åra. Fråværet av konkrete vendepunkt og klåre svar gjer romanen til ei realistisk skildring av livsløp. Som dyra, blomane og fuglane, lever karakterane liva sine utan at dei nødvendigvis lærer; utan at mysterium vert løyste, utan at alt nødvendigvis blir bra og utan at ei klår meining utkrystalliserer seg. Som for å understreke dette, forsvinn endå ei jente på tampen av boka, utan at lesaren får vite noko meir om kva som skjer med henne heller. Det einaste som er sikkert i *Reservoir 13* er at tida rullar vidare, og slekt fylgjer slekt.

Forfatteren Jon McGregor (f. 1976) er opphavleg frå Norwich i Aust-England, men er no busett i nord, nærare bestemt Nottingham. Han er professor i kreativ skriving ved Universitetet i Nottingham. Han er ein respektert forfattar i Storbritannia. *Reservoir 13* er den fjerde romanen hans, og han har gjeve ut to novellesamlingar. McGregor har motteke fleire prisar for romanane sine, og *Reservoir 13* vann i 2017 romanprisen til Costa Book Awards. To av dei tidlegare utgjevingane til McGregor, *If Nobody Speaks of Remarkable Things* (2002) og *Even the Dogs* (2010) er omsett til bokmål, under titlane *Hvis ingen snakker om utrolige ting* og *Selv hundene*.

*Når det gjeld bruken av fotnotar i denne masteroppgåva, så er desse sette inn då eg har omsett dei tre siste kapitla av boka. Fotnotane er med for å klargjere handlinga i romanen for sensor. Desse fotnotane ville ikkje vore med dersom eg hadde omsett heile romanen.

*Eg nyttar MLA-referanse i denne masteroppgåva. I bibliografien er MLA-referansane sette opp utifrå retningslinjene til Universitetet i Oslo.

Omsettinga

11.

Ved midnatt då året vende, stod det fyr i tre reiskapsbuer på hageparsellane, og igjen var dei utbrende før brannmannskapet kom. På skulen vart det observert lys tidleg om morgonen, og då Mrs. Simpson gjekk frå bilen og inn på personalrommet, vart ho overraska over å sjå at Miss Dale allereie sat der og sette opp halvårsplan medan ho åt toast. Dei såg på kvarandre, og Miss Dale spurde om Mrs. Simpson hadde forsove seg. Eg veit ikkje, svara Mrs. Simpson. Eg, eg veit faktisk ikkje. Ho verka forvirra. Nattefrosten var hardnakka. Oppe i høgda stana ei søye seg over på den frosne bakken og døydde, og musvåkane kom for å ta til seg. Ei lukt av kolrøyk hang over landsbyen heile dagen. I verkstaden sat Geoff Simmons på sofaen og såg dei siste gjenstandane turke.¹ Han hadde late dei stå ute for lenge, og dei var byrja å sprekke. Keramikkommen burde ha vore på no. Han hadde ikkje selt noko på vekevis og ana at endå ein dårleg periode var undervegs. Han ville ta whippeten ut på luftetur, men det var for mykje som tyngde til at han greidde å reise seg. I kummen var det tallerkenar og skåler som skulle vaskast. Ho hadde sagt ho ville sjå han igjen, og han hadde enno ikkje sagt frå om at han hadde fått nok. Ho ville komme dit for å hjelpe han med å få ting på stell. Det var orda ho hadde brukt. Ho hadde spurt om han hadde vurdert å undervise. Det ville gje ei meir påliteleg inntekt, sa ho. Han tykte ho var mindre overtydande enn før. Hjø Jackson kom heimesjukepleiarane no berre to gonger i veka.² Jackson tykte det var vanskeleg å komme seg opp av senga igjen, men det kom meir av at han hadde lagt på seg noko uhorveleg enn hjerneslaget. Hjelpemidla dei hadde montert i dusjen var ubrukke. Mot slutten av kvar dag fylte Maisie eit vaskefat med varmt vatn, helte i såpe og litevetta olje, og bar det ut i stova saman med vaskedukar og eit handklede.

Ein skraphandlar kom for å hente restane av campingvogna i frukthagen til Fletcher,³ drog ut understellet og hjula og la att små strimler av svart plast på bakken. Dei vart snart dekte av stikkebuskene som hadde vakse seg høge oppetter veggane. Gråtrastene var allereie byrja å reise. Irene tok ein lang spasertur tilbake frå busstoppen, opp bakom postkontoret og rundt til toppen av hageparsellane. Det var varmt for månaden, og idet ho kom over høgda, kneppa ho

¹ Han er keramikar.

² Han har hatt hjerneslag, og kona Maisie og dei vaksne sønene tek vare på han.

³ Campingvogna har brent ned.

opp jakka.⁴ I vegen såg ho Jones.⁵ Ho venta at han skulle snu seg vekk, men han nikka og gjekk mot henne. Sa namnet hennar. Ho stogga. Han såg roleg på henne og venta. Litt av eit ver, sa han. Det er ikkje som det har vore, samstemde ho. Han fylgde ei linje i den kalkrike gjørmepytten i vegen med støvelen. Er Andrew reist med bussen? Ho nikka. Ho fortalde at ho hadde fylgt han til busstoppen, at han ville vere på senteret heile dagen. Gjer meg sjansen til å ta igjen litt husarbeid, sa ho, smilande. Han nikka. Han såg på henne, roleg. Det finst hjelp, sa han. Eg veit ikkje om eg skjønar kva du meiner, svara ho. Eg greier å ta meg av huset. Han rista på hovudet. Nei. Eg meiner det finst hjelp, viss han fer ilt åt med deg. Irene kjende det som at beina skulle gje etter under henne, men då det gjekk over, stod ho framleis. Ho såg Clive stå å grave på parsellen sin. Han lét til å sjå i deira retning. Men han kunne ikkje høyre dei. Det er ikkje slik det er, sa ho. Ho kviskra. Han skjønar ikkje. Han gjer det ikkje med vilje. Jones letta på hua og klødde seg i hovudet og tok hua på att. Eg har kanskje ikkje noko med det, sa han. Men du fann deg i nok av den slags med Ted. Du står ikkje i gjeld til nokon. Jones var den siste ho ynskte å ha denne samtala med. Kor skulle han reise, spurde ho. Han har ingen. Han ville ikkje ha skjøna det. Kven har du, spurde han.⁶ Ho drog pusten djupt og trekte jakka rundt seg, festa knappane. Han hadde rett; dette hadde han ikkje noko med. Ho greidde ikkje seie meir. Ho heldt opp handa for å vise at no var det nok og gjekk vidare. Kva var det han tenkte på. Med kva rett.

—

Om han aka seg nok nedover puta, kunne Jackson sjå flagget på kyrkjetårnet frå vindauget sitt og vite styrken og retninga på vinden, og i mars sørge den fyrste vestavinden det året for at flagget stod rett ut. Det fekk han til å tenkje på flagga på heia då dei leitte etter ho jenta. Komiteen for hageparsellane fekk erstatninga for dei utbrende reiskapsbuene, og det var murring då nybygga vart sette opp. Alle kjem til å brenne ned buene om det er *det* du får igjen, sa Clive. Susanna Wright fekk tak i parsellen attmed Clive. Han hadde berre vore ledig nokre få månadar og var i god stand. Ho gjekk rundt hageflekken saman med han og byrja å snakke om reiskapsbuer, nye stiar og grøntområde til bord og stolar. Der var eit drivhus, men nokre av glasa mangla, og ho snakka om å erstatte dei. Han nikka, men andletet trekte ei mine. Det ser ut som du har eit forslag, sa ho. Clive drog nokre strimler frå plastsekken som hang over stikkebuskene ved drivhuset og byrja å tvinne dei rundt neven. Ikkje nett eit

⁴ Irene er ei sliten mor med ein vaksen son, Andrew, som har psykiske utfordringar.

⁵ Jones er tidlegare vaktmeister på barneskulen og dømt for å ha barnepornografi på datamaskina.

⁶ Denne scena spelar tilbake til tidleg i boka då presten Jane Hughes spør Jones om korleis det går med han og systera, som han må ta vare på. Då reagerer han som Irene gjer no: knappar att jakka og går sin veg.

forslag, sa han, snarare ein observasjon. Susanna venta. Vi ser titt og ofte nye folk sette i gong med parsellar, sa han. Dei likar å reinske opp. Dei likar å få det til å sjå fint ut. Finne seg til rette. Det krev mykje jobb. Enden på visa vert at dei gløymer å plante. Susanna nikka. Det låg nokre bitar av knust glas i jorda under stikkebuskene, og ho bøygde seg ned for å plukke dei opp. Og det var det eg gjorde feil førre gong? Det er eit spørsmål om prioriteringar, sa han. Set plantene ned i rett tid, få på jorddekket, reinsk ugraset, pass på vatninga og det held. Om du gjer alt det, så kjem du til å like deg her. Ein parsell full av friske planter som gjev avling, blomar som sprett, det er den beste, vesle staden i verda. Då vil du ikkje tenkje på benkar eller plenar eller ryddige stiar. Fontener. Uroer, Clive? Han såg på henne. Viss eg ser deg henge opp ei hersens uro, så går eg rett bort og tek henne ned att, sa han. Ho lo, men han tulla ikkje. Eg skjønar, sa ho. Takk for tips. Eg vil ikkje blande meg, sa han. Nei, gjer for all del det. Bland i veg. Han såg på henne og rekte henne nøstet med strimla plast. Bosspanna er ved parkeringsplassen, sa han, og idet han snudde seg, hørde ho han mumle noko meir om uroer. Klokkene vart stilte fram, og kveldane opna seg. Einstapeplanta skaut sakte frå åsane og strekte seg mot himmelen. Dei inngjerde fasanane på godset byrja å verpe, og egga vart tekne til klekkeriet for vask og sortering. Su Cooper vart overtalig frå jobben hjå BBC med ei mykje mindre sluttpakke enn ho hadde blitt bydd året før.

På den nye supermarknaden arbeidde Martin Fowler i kjøtdisken då dottera ringde og bad han komme til sjukehuset, og då han kom fram, var han blitt bestefar. Kvifor sa de ikkje frå før, spurde han fleire gonger medan han heldt nurket med det valnøtt-skrukkete andletet i dei store hendene. Du er her no, pappa, sa Amy. Vi ville ikkje at du skulle tenkje på det. Ruth gjekk bort og tok hand om barnet igjen, samstundes som ho kyssa han på kjaken. Gratulerer, bestefar, sa ho. Hendene skalv utan noko å halde i. Han såg seg om i rommet. Kavaleren til Amy sat på sida av senga til Amy og kika for det meste på føtene sine. Dette var fyrste gongen Martin hadde møtt han. Han var ikkje sikker på namnet. Så langt hadde ingenting enda slik han hadde planlagt. Mykje til forbanna plan, sa han. Han hadde ikkje meint å seie det høgt. Han hosta og sa han ville ut for å trekke litt frisk luft. Dei kalla guten Luke og sa til Martin at han gjerne måtte ta turen. Ruth gjorde eit poeng av å få det sagt. Amy og Luke kom til å bu heime hjå Ruth i starten, medan kavaleren fann ein plass dei kunne bu. Kvifor hadde han ikkje ordna det før, ville Martin gjerne vite. Men han spurde ikkje. Det gjekk to veker før han kom seg over til Harefield med gåva av klede som ikkje lenger ville passe. Det var som om dei hadde bytt ut ungen med ein annan. Den mysande handfulla frå sjukehuset var vekke.

Denne hadde ei heilt anna tyngde ved seg. Ruth tok han ovanpå for ein lur, og Martin vart åleine att med Amy. Der var eit høve for han å be om orsaking, men det fór forbi.⁷ Dei sette seg, og han tilbød å lage te.

Det Irene kunne var vasking. Uansett kva som skjedde elles eller om ting var uråd å forstå, så heldt ho fram med vaskinga. Ho hadde det lønna arbeidet, sjølv sagt, men ho gjorde eit poeng av å halde sitt eige hus presentabelt også. No var det årevis sidan nokon hadde vore på besøk på grunn av Andrew og ufjelga han stelde i stand, og fordi ho frykta reaksjonen hans på gjestar. Men ho arbeidde for å halde huset som om nokon kunne stikke innom kva tid som helst. For det gjorde dei kanskje. Ho ville kanskje ikkje vere i stand til å halde dei att ved dørstokken eller late som om ho var på veg ut. Dei ville kanskje komme inn og sjå korleis datautstyret hans hadde tatt over stova og gangen og kjøkkenet, med kablar overalt, og det merkelege systemet av lys over dørene. Dei ville kanskje sjå dei sprukne dørkarmane, dei øydelagde skåpdørene. Men dei kunne ikkje seie at ho ikkje heldt staden rein. Det kunne dei ikkje. Det var mykje ho ikkje forstod. Men vasking, det kunne ho. Der var ei lita busk med villrips ved elvekanten nedanfor demninga, og då blomane spratt i slutten av mai, kleiv ho ned frå stien for å plukke ei korg. Ho tok dei med heim, og den neste veka eller så kunne ho sitje åleine ved kjøkkenbordet og nyte den enkle, rosa teen og hugse den fyrste smaken av dette i barndommen. Det var ein måte å kjenne sumaren nærme seg på. Millenniums-kvernsteinane⁸ vart skubba av soklane igjen, og denne gongen hadde ein av dei sprukke. Der vart eit basketak på Gladstone⁹ og snakk om at det gjaldt Facebook. På fjernsynet var det bilete av eksplosjonar, brannar, kollapsar, kollisjonar. Hestebønner byrja å skyte opp på hageparsellane i poselaster og vart reinska ut av dei svakt stripete skolmane og ned i grytene. Den lune vernet frå skolmen var ei av dei ubegripelege overflodene i naturen. Arbeidet var ein langtekkeleg fryd. I verkstaden tok Geoff Simmons kvar nybrende krukke frå brettet og slengde dei i golvet. Han arbeidde i eit systematisk tempo. Rytmen var lindrande. Han hadde bede henne om å ikkje komme att for å treffe han, og ho hadde ikkje teke det fint. No var det ingen grunn til å ta vare på arbeidet som hendene hennar hadde vore borti. Whippeten var bunden utanfor døra og laga rabalder.

⁷ Før i boka er det insinuert at Martin har vore involvert i kjeltringskap, og dømmekrafta hans er ikkje alltid den beste. Blant anna heldt han det hemmeleg for kona Ruth at slaktarbutikken deira var konkurs heilt til namsmannen kom på døra. Etter den fylgjande skilsmissa frå Ruth, har kontakten med borna vore laber.

⁸ Dette skjer igjen og igjen. Det einaste lesaren veit om desse steinane, er at dei vert skubba av soklane med jamne mellomrom.

⁹ Den lokale puben.

Krukkebitane var smale og kvite og reine. Ho verka ikkje til å ha skjøna kor verdifullt arbeidet var for han. Han knuste krukkene svært jamt utover golvet. Det var ein forseggjord prosess. Han var aldri ute av kontroll. Då det var gjort, tok han whippeten med på ein langsam luftetur og lét døra stå opa. Kva hadde ho venta, undra han seg. Vatnet stod lågt i magasinet, og elva sakka farten mellom breiddene av grus. Tom Jackson vart sett spasere med Ashleigh Wright.

Over engene om morgonen hang ein dis som ein gong ville blitt tolka som eit varsel. Jackson slo i vegg med stokken, og Gordon gjekk for å sjå kva som var på ferde. Han ville sjekke om vi hadde merka oss hogstveret, sa han til dei andre. Eg sa vi allereie hadde sett det. Maisie spurde om han hadde sett Jackson på plass, og Gordon svara sjølv sagt ikkje. På rommet såg Jackson disen lette rundt kyrkjetårnet og kjende ein verk i skuldrane med tanken på ein lang dag med hogst framfor seg; lukta av sevja idet treet fall ned i enga, dei lange, rolege kveldane som knapt nådde skumringa før svalene kom for å ete. Han tok seg i det og sette på radioen. Det var lett å verte nostalgisk når det ikkje var du sjølv som skulle arbeide. Han sende ei bøn gjennom døra til gutane. Dei hadde ein heil dag framfor seg. Han snudde seg vekk frå vindauget. Mrs. Simpson førtidspensjonerte seg frå skulen på grunn av svak helse. Det vart vist takt rundt kva dette innebar, men det vart ikkje sett som passande å takke henne av med ein fest. Ho vart tilsendt ei monaleg mengde med kort, og borna hennar las nokre av dei høgt for henne. Cooper skreiv ei sak om henne i Echo. Vekene var lange og skyfrie og sola brende ein passasje gjennom dagane. Familien som budde i Culshaw Hall la godset ut for sal. I øvste delen av bøkeskogen tvang ein grevling eit piggsvin over på ryggen og reiv det opp. Pynten på brønnekledningane¹⁰ stod i ei knapp veke, med ei auke i publikum frå tidlegare år, og brassbandet til Jim Stephenson på den vidaregåande skulen spela i helga. Innan torsdag hadde vinden turka ut leira, og kronblada var byrja å visne. Det vart avgjort å plukke det ned. Mora til Richard kom heim frå sjukehuset, og Rachel tok fri frå arbeid. Heimesjukepleiarar vitja to gongar for dagen for å hjelpe henne med å vaske og kle seg og sikre seg om at ho tok alle medisinar, og sjølv om dei alltid verka til å ha dårleg tid, skjøna Rachel fort at det ikkje var bruk for henne. Irene og Winnie kom innom mesteparten av dagane, og samtalene dei hadde om landsbyen gjekk over hovudet på Rachel. Ho hadde tenkt å bli fram til Richard kom den neste månaden, men til slutt reiste ho før han dukka opp.¹¹ Ved magasin nummer to arbeidde to dukkarar med portventilane ved foten av tårna. Vedlikehaldsgruppa kika på skjermane i

¹⁰ Årleg tradisjon i landsbyen med å pynte brønnen med treplankar dekorerte med leire og planter.

¹¹ Richard er bror hennar, som reiser mykje utanlands med jobben.

varebilane medan dukkarane fann fram under vatnet. I det kvite lyset var det bobler og strimer av grums før den fyrste ventilen i porten kom til syne. Stemma til dukkaren frå innsida av hjelmen var klår og nær, som om han hadde stått utanfor varebilen heile tida. I vasskorpa av demninga heldt mennene taua og såg ned på den mørke overflata av vatnet.

Ein midtsumarkveld tok Gordon Jackson med seg Susanna Wright på køyretur i landroveren. Ho hadde nemnt at ho ynskte å sjå vindmøllene på nært hald, og han hadde tolka det som ein invitasjon til å be henne med. Det var slik det brukte å vere. Han var aldri frampå. Han venta på at situasjonar skulle oppstå. Han hadde venta på Susanna i årevis. Ei kjapp samtale, ein spøk, eit tilbod om hjelp. Augekontakt. Men han sa aldri noko. Han var ikkje slik. Han var varsam på ein måte som han ikkje trong å tenkje over. Han kom aldri med forslag; sette seg aldri i ein posisjon der det kunne bli avslag. Han hadde alltid tenkt det var avslaga det ville bli snakka om. Dei som vart med på leiken hadde større interesse av å vere diskuré. Han trong berre styre ein situasjon mot eit mogleg utfall, heilt til det moglege vart sannsynleg, for så at det sannsynlege var ei overstått greie. Ein god sauehund treng aldri å bjeffe, var slik han tenkte på det. Han såg på Susanna no. Det hadde teke tid, men omsider verka ho interessert. Ho kika ut av vindauget og hadde det tankefulle andletsuttrykket sitt. Han ville lene seg over og kysse halsen hennar, men han heldt igjen. Ho såg godt ut, og han hadde sett. Ho hadde vore på eiga hand i lengre tid, og han tok seg i å tenkje på frukostar på kjøkkenet hennar, kveldar framfor fjernsynet hennar. Han stogga landroveren der den nye vegen var nærast møllene og spurde om dette var greitt nok. Spurde om ho var klar. Augekontakt, ei varsam stille. Der var eit mønster. Dei gjekk ut og såg opp på vindmølla. Vinden løya, og blada roterte sakte. Sola stod lågt, og skuggen fall lang over bakken. Han såg på henne. Han kunne lukte varmen av huda hennar, og han visste allereie korleis ho ville smake. Ho stod ved sida av han og sa ho var smigra, men ho var ikkje interessert på den måten. Det var eit sjokk, men han heldt seg roleg. Han lata ikkje som at han ikkje skjønna kva ho meinte. Han nikka og heldt hendene opp i ei rørsle liknande ein som har tapt ein liten sum på veddeløp. Han pikka på sida av nasa for å seie at dette kunne vere deira løyndom, men ho berre heva eit augebryn og flytta seg. Ho tok bilete av vindmølla med telefonen. Då dei køyrde tilbake nedover heia, otta han ikkje så mykje på avslaget som på tanken om at praten no ville gå, og alle dei sømelege taktene hans ville komme fram i dagen. Han kunne ikkje late det skje.¹² Dagane var allereie

¹² Når Gordon ser seg sjølv som diskuré og tilbakehalden, så er det delvis eit sjølvbedrag og neppe i samsvar med korleis den ytre verda oppfattar han. Han har unekteleg draget, men i og med at han har hatt affærer med

kortare, men dei var enno så lange at ingen la stort merke til det. Egga til ringduene klekte, og ungane vart mata med kromjølke. Sauene byrja å felle ulla rundt halsen, og det var tid for klipping. Will Jackson tok sonen med for å samle dei i inngjerdingane. Guten visste korleis han skulle arbeide med dyr no. Han visste kor nær han kunne gå og korleis han skulle leie dei bakanfrå. Han visste korleis dei oppfatta raslinga av ei bøtte. Dei to arbeidde saman utan noko styr og fekk dei inngjerda før lunsjtid. Saueklipparane var klare. Frå garden til Thompson lengst vekke i dalen høyrdest lyden av tankbilen og pumpinga av morgonmjølka som ei svak summing gjennom den fuktige sumarlufta. Mora til Richard døydde medan han var utanlands, og det tok to dagar før han kunne komme. Systrene hans hadde kome opp og rydda ut av soverommet innan den tid, lufta ut huset og gjort avtaler med gravferdsbyrået. Det var lite att for han å gjere. Dei sa dei forstod. Dei forklarte han vegen til gravferdsbyrået og tilbød seg ikkje å bli med. Ifylgje lækjaren hadde ho døydd i senga, moglegvis medan ho sov. Han vart verande lenge nok til å få med seg jordfestinga og såg henne gravlagd i same grava som far hans. Det kjem til å bli nokre vanskelege samtaler framover, greidde han å seie til systrene. Og dette er ikkje det rette tidspunktet, svara Sarah.

—

I august hadde dei unge flaggermusene slutta med morsmjølka, og barselskoloniane braut opp. Flygemønstera deira var innvikla og ukjende. Dei kasta seg over beitemarkene medan dei fanga tordivlar og nattsvermarar og dei vaksne byrja å finne makar. Langs magasin nummer fem låg ein stålorm og baka seg på den hellelagde stien, før han vart teken av ein musvåk som skulle mate sine små. Richard og Cathy vart igjen observert ete lunsj saman på den nye økologiske puben i Harefield. Det vart stilt spørsmål om kvifor dei fann det naudsynt å reise så langt. Slutningar vart dregne. Cricketen vart avlyst på grunn av uver, og Cardwell-laget kom ikkje over for nokre glas slik dei hadde gjort tidlegare om åra. Su og Austin Cooper hadde tjuårs-jubileum. Austin hadde skjøna at uviljen til Su rundt å feire datoar var oppriktig og lodda djupt, men dette året hadde ho overraska han med eit kort og ei bordbestilling på ein restaurant i byen. Susanna Wright hadde lova å sitte barnevakt. Då dei sette seg i bilen for å køyre til restauranten, begge litt klamme og raudleitte etter dusjen, stålsette Su seg for mimringa til Austin. Det var slikt han gjorde. Somme tider såg ho han midt i ein familieaugneblink – saman med gutane i skogen, på middag hjå foreldra, på panto-oppsetjinga i landsbyen, endåtil når dei var til sengs ilag – lukke auga og i ferd med å lagre hendinga for

både Cathy Harris, Ruth Fowler, Jess Hunter og fleire, så er nok taktene hans snakka om for lenge sidan. Irene tenkjer på eit tidspunkt at ho skjønar kvar rykta om han kjem frå, sidan ho tykkjer han er så sjarmerande.

framtidig mimring. Han naut mimringa meir enn sjølve augneblinka, verka det til. Men han såg på henne og sa ingenting. Dei kørde gjennom landsbyen, sola stod lågt og glima gjennom trea, lukta av seinsumaren kom inn vindauga. Ho tenkte på det fyrste møtet deira, då ho var medprodusent på radiostasjonen og skulle lage ei sak på pyntinga av brønnen og med eitt kom i snakk med denne klumsete, tilbakehaldne mannen med ei veske full av kamera og diktafonar og notatblokker. Han hadde fortalt henne langt meir om pynten enn ho trong å vite, før han hadde spurt henne om radiojournalistikk og BBC og dei andre sakene ho arbeidde med. Han lytta langt meir enn dei fleste mennene ho kjende, særskild journalistane. Då pyntinga av brønnen var ferdig, hadde dei gått for å ta eit glas, og då glaset var drukke, hadde dei teke ein spasertur, og spaserturen hadde teke dei heile vegen tilbake til det ørvesle rekkjehuset hans i byen. Historia hadde blitt forenkla gjennom åra, men det hadde aldri vore så mykje meir innvikla enn det. Ho såg på han no. Ho lurte på om dei nokon gong kunne vere så impulsive igjen. Dei parkerte bilen og gjekk mot restauranten, og ho smatt handa inn i hans. Ho stogga han, strekte seg opp for å gje han eit kyss på kinnet og kviskra takk i øyret. Han såg overraska ut, kyssa henne tilbake, og dei gjekk vidare.

Dei siste dagane av sumaren gjekk egga til aglajaperlemorvengen i enga i bøkeskogen frå å vere gule til lilla til grå før dei klekte. Det var ingen svaler att. Reira var der enno, i oppløysing med gjørme i flak, og dei ville vere der når svalene kom att til våren. Kvite jonsokblomar fylte kantane langs vegen inn til byen, og dei nette blomane rukka seg då fruktkaplane byrja å svelle. I bøkeskogen var dei unge revane klare til å fare vidare. Det var Martin sin tur til ordne med hausttakkeutstillinga i kyrkja, og trass i dei vanlege lovnadane om å ikkje skuffe nokon, forsvann han i siste augneblink. Irene og Winnie overtok. Elva vende under steinbrua og rann roleg mot mølledammen. Lynsey Smith kom heim frå Leeds og flytta inn til foreldra att. Det var ei mellombels ordning, men dei måtte leige inn ein varebil for å frakte alle tinga hennar tilbake. Ho hadde budd saman med ein kjærast etter studiane, og det hadde ikkje fungert. Han var eldre enn henne og arbeidde ved universitetet, og han hadde avgjort at forholdet hadde gått så langt som det kunne gå. Han hadde sagt ho var for ung til å slå seg til ro. Han hadde sagt ho trong tid til å finne ut kven ho var, til å komme seg ut i verda og oppleve eventyr, og ho burde ikkje gro fast i Leeds saman med ein gammal, avdanka forelesar i folkehelsevitskap. Han hadde sagt til henne, då samtala vart noko meir oppheta, at ho var for klengete, og han kjende seg fanga. Det tok ei stund før ho delte dette med nokon. Ho skamma seg over det, fortalde ho Sophie. Ho kjende det som at ho hadde skuffa han på eit

vis. Han sende melding av og til, men når ho skreiv tilbake, svara han aldri. Sophie sa ho måtte gje slepp. Foreldra stilte ingen spørsmål, men dei skjøna noko hadde gått gale. Mora var tolmodig, men faren lurte på kva poenget hadde vore med å bruke så mykje pengar på universitetsutdanninga. Dei tilbaud henne arbeid i butikken, og det var enklast å berre seie ja. Grappa ved Folkeuniversitetet heldt fram med italiensk for andre år på rad, og dei mest dedikerte deltakarane starta ein samtaleklubb på Gladstone onsdagskveldane. Tony bestilte nokre kassar Peroni til ære for dei. Cathy banka på døra til Mr. Wilson og spurde om Nelson trong ein luftetur, og han bad henne inn på ein tekopp. Ho hadde ikkje før sett seg før han gav henne donasjonsskjemaet og fortalde at ho kom til å støtte symjeturen han skulle gjennomføre. Ho spurde om det fanst noko val, og han gav henne eit blick. Desse stakkars folka får ikkje noko val når det gjeld reint drikkevatt, sa han. Ho spurde etter ein penn. Han sa han knapt kom til å greie fire-fem lengder, toppen, så ho måtte gå for minst ein femmar per lengde. Ho bles, før ho innsåg at han ikkje tulla. Ho hadde måtta høyre på dette pratet om velgjerdssarbeid for reint vatn før, så ho beit det i seg og skreiv seg opp på fem pund per lengde. No må du ikkje overdrive det, sa ho. Du må ikkje gjere ska' på hofta di. Han skjenka teen. Ikkje tenk på det. Fysioterapeutane er flinke, men dei er ikkje tryllekunstnarar. Der var ei uventa lukt ved han i det han gav henne teen, og ho spurde om han hadde røykt.¹³

–

I laupet av dei lange dagane med regn på hageparsellane, svartna dei breie lauva til squashen og bønnene av rote, hundekjeksar knakk ned i hekkeradene og bakken fyltest av slimet frå haustlauva blåsne inn frå bøkeskogen. Clive klipte vekk dei visna vekstane og raka dei i ein haug. Jones grov parsellen sin berr. Ruth og Susanna sat og snakka på parsellen til Susanna medan dei søkte ly under ein stor paraply og såg graskara modnast over jorddekket. Det hadde vore ein god fyrste sesong for Susanna. Tomatane og paprikaane i drivhuset hadde ikkje blitt til stort, og gulrøtene hadde ikkje eingong spira, men det hadde blitt poteter og bønner og squash og erter og no desse bjart bognande graskara. Parsellen var ikkje stort å sjå til, men ho hadde planar for det kommande året, og ho kjende seg klar for det som måtte komme. Ruth hadde vore god hjelp. Heime hadde Ashleigh fylt ut søknaden til universitetet, og Susanna hugsa kor fort dette siste året ville gå frå tida med Rohan. Ashleigh hadde slått opp med Jackson-guten slik at ho kunne konsentrere seg om dei avsluttande eksamenane, og for Susanna såg det ikkje ut til at nokon av dei tok det så tungt. Ved midnatt tjukna skydekket, og

¹³ Mr. Wilson tek seg ein sigarett når han saknar den avdøde kona si, Jean.

månen vart sløra. Enkemannen hadde ikkje blitt sett på månadsvis, og Jones tok til seg av den frukta som var.¹⁴ Det hadde vore uro for at noko kunne ha hendt og snakk om å bryte opp døra, men då Jones vart pressa, innrømde han å vite at mannen var reist vekk, og at han hadde nøklane til huset. Han hadde blitt tilbydd ein undervisningspost utanlands, informerte Jones, og tok med dottera for eit halvt år. For den lærerike erfaringa sin del. Det viste seg at Jones kunne mykje om mannen, men han sa ikkje noko meir. På allehelgensaftan kledde ei jente frå ein annan landsby seg ut i ein kvit overdel med hette, marineblå boblevest, svarte dongeribukser og tøysko og zombie-sminke.¹⁵ Ho vart køyrd heim att til foreldra, og det vart brudulje. Det var bygningsarbeid på Culshaw Hall og snakk om at dei nye eigarane skulle byggje det om til eit herregardshotell. Demningane hadde tiårs-inspeksjon, og det vart oppdaga at tre av dei var i ustand då stålstengene i sementen var eksponerte og sementen smuldra opp. Valley Echo rapporterte frå velgjerdsymjeturen og beit seg merke i at Mr. Wilson hadde vist uventa uthald ved å symje tjueein lengder. Hjartelege gratulasjonar vart gjevne.

I november regna det dag etter dag, og fyrst spøkte folk med det, men den tredje veka vart det ufjelgt. Heiane var metta, og vatnet strøymde nedover og var overalt. Lukta av vasstrukken jord byrja å stige opp mellom golvborda, og alt hadde eit islett av rått grønleg lys. Led Thompson leia kyrne frå floren og over den gjørmedekka gardsplassen. Den fuktige lufta dampa fort blant kroppar som pressa seg mot kvarandre. Oppe ved fiskedammane letta ein hegre frå elveleiet, trekte opp dei tunge vengene og let føtene henge fritt idet han flaug langs elva. Rohan Wright hadde vore ute på reise, men han var tilbake att og budde hjå mor si. Ho ville vite kva planane hans var, og han let seg ikkje spørje ut. Han brukte mykje tid på pc-en og arbeidde med musikken sin. Innimellom møtte han Lynsey, og dei snakka om dei andre medan ho hjelpte til på landbruksbutikken til foreldra eller stod i baren på Gladstone. Sophie var byrja i ei ny praktikantstilling i London, ordna gjennom ein ven av faren, og ho hadde prøvd å få Lynsey nedover på besøk. Ho held seg med ein annan type folk no, sa Lynsey. Med tanke på kor mykje pengar dei brukar på ein kveld ute, så kunne eg ikkje heldt tritt med dei. I eit forsøk på å nå grevskapsrådet sine mål for budsjettkutt, hadde kommunestyret, ikkje utan diskusjon, blitt einige om at gatelysa skulle sløkkjast mellom midnatt og klokka fem, og Miriam Pearson vart gjort merksam på at uttrykket *svartaste Calcutta* ikkje lenger var

¹⁴ Jones er naboen til enkemannen, og har sett til hagen (og huset) til enkemannen med jamne mellomrom.

¹⁵ Same kleda som den sakna jenta, Rebecca Shaw, var sist sett i.

akseptabelt. For fyrste gong vart det kravd inngangspengar på den årvisse bålfeften, og ingen verka til å ha stort i mot det. Spådommane om at gjerrigknarkar ville stille seg opp langs gjerda for å sjå fyrverkeriet viste seg å vere utan grunnlag, snarare gjekk talet opp frå tidlegare år. Cathy banka på døra til Mr. Wilson og spurde om ho snart kunne ta Nelson med på luftetur igjen. Mr. Wilson sa han ikkje var så sikker på det. Han stod i dørkarmen og bad henne ikkje inn, og Nelson sprang i sirklar i gangen. Ho sa ho allereie hadde bede om unnskyldning, men ho ville aldri ha gjeve slike summar. Han sa det gjaldt prinsippet. Han sa det var sårt behov for pengane, og han var sikker på at når alt kom til alt så kunne ho avsjå såpass. Ho sa han ikkje hadde peiling på kor mykje pengar ho kunne avsjå eller ikkje, og han hadde ingenting med å anta noko som helst. Ho sa ho ikkje trudde det var ei blankofullmakt ho hadde signert. Han sa det ikkje gjaldt pengane, det gjaldt prinsippet, og då han vaks opp, så hadde folk forstand til å halde det dei lova. Ho sa: David, det er forferdeleg om vi skal ryke i hop på grunn av det her. Han lét att døra, og ho gjekk tilbake til huset og sette seg på kjøkkenet, og nokre få minutt seinare høyrde ho døra hans smelle att før ho såg han bakse oppover vegen med Nelson. Ho skreiv ein sjekk på 105 pund, adresserte han til ein heilt annan velgjerdsorganisasjon og putta han i ein konvolutt som ho smette under døra hans. Ho visste ho oppførte seg småleg, men ho kunne ikkje tru ho var meir småleg enn han.

Ein varm dag tidleg i desember hadde neslesumarfuglane i reiskapsbua til Sally Fletcher komme ut av dvalen og vart observerte medan dei åt på ligusterhekkene, der dei med bleike og uflidde vengjer trekte til seg dei glinsande solglimta. Ved elva tynna oppsynsmannen ut svartora langs breidda ved enga nedanfor skulen. I verkstaden blanda Geoff Simmons glasur og rørte inn grasfrø og lauvbitar han hadde samla. Han stod ved arbeidsbordet og duppa dei nybrende krukkene opp og ned i glasuren. Der var ein rytme i det som lindra. Han heldt krukkene forsiktig og strauk glasuren over dei turre flekkane som fingeren og tommelen hadde etterlete. Hadde det vore råd å skjule alle spor, ville han gjort det. James Broad arbeidde i Manchester, men vart sett i landsbyen frå tid til anna. Han kom for klatringa og tok med vener frå universitetet med sekkar med tau og klatreselar og rikeleg med pengar til å bruke på Gladstone, og han verka alltid til å vite når Lynsey stod i baren. Han var byrja å bli vidgjeten for klatringa. Han var kjend for å studere ei rute med stort tolmod, for så å klatre henne i ein slik fart at han tilsynelatande fór opp veggen på rein driv. Han klatrar som ein mann på eit ustyrleg tokt, slik eit blad formulerte det. Dei meir atterhaldne sa han ikkje hadde styrke til å halde ei stilling lenge nok. Farten på framgangsmåten gjorde at han tok sjansar

som hausta like mykje kritikk som ros, men han hadde ikkje dotte enno. Han tok den nye kjærasten med heim før jul og presenterte henne for mora, noko ho ikkje hadde venta. Ho er kanskje ikkje like pen som ho andre, fortalde mora hans til Cathy seinare. Men eg kan i det minste uttale namnet hennar. Ho verkar hyggeleg nok. Og så er ho svart sjølvsgt, men det er ikkje noko problem for min del. James tok henne med opp på heia og fortalde kva som hadde hendt med den sakna jenta. Ho lytta og sa at det ikkje var hans skuld. Han nikka og fortalde at det var det folk alltid sa.¹⁶ Om kvelden møtte dei Rohan på Gladstone. Lynsey stod i baren. På julaftan køyrde han kjærasten tilbake til Northampton. Mora hans sa til Cathy at det var heilt greitt for henne. Det var julesongar i kyrkja, og lyden av dei seiv ut mot torgplassen.

—

Mora til Richard hadde på ingen måte etterlate papira sine i system. Det tok månadsvis for Richard å finne ut sjølv det mest grunnleggande, som å lese testamentet, stenge bankkontoane og avslutte abonnementa på fleirfaldige blad og velgjerdsskriv som framleis kom gjennom brevsprekken. Han opplevde no lengre turkeperiodar utan arbeidsprosjekt og hadde enno ikkje fortalt systrene at han ikkje leigde leilegheita i Balham lenger, som hadde vore basen hans når han var i landet. Han visste at dei ynskte å selje huset og dele pengane – Rachel hadde sagt dei sårt trengte pengane, noko han hadde vanskeleg for å tru – men han hadde sagt dei burde sette huset i betre stand før dei kunne vurdere å leggje det ut for sal. Han diskuterte dette med Cathy ein ettermiddag og vart skuffa over å ikkje kunne tyde det spøtt av reaksjonen hennar. På eit tidspunkt kunne ho sagt at det var kjekt om han kom oftare til landsbyen, eller endåtil for godt, men ho vart distraherert av noko på mobiltelefonen sin og sa ingenting. Seinare innsåg han at på det tidspunktet kunne han spurt om ho kunne tenkje seg det, men då var han iferd med å lande i Genève og festa setebeltet og justerte seteryggen til rett posisjon. På nyårsaftan banka Cathy på døra til Mr. Wilson og spurde om Nelson ville ha ein luftetur. Dei drakk te og åt kake, før ho tok Nelson med ein rask tur oppover vegen til kyrkja, ned forbi frukthagen til steinbrua og langs elva. Då ho kom til Hunterskogen, bøygde ho seg for å sleppe han laus og kvilte handa på muren der øvste steinen var sliten ned til ein vag glans.

¹⁶ James og Rebecca Shaw hadde noko på gong då ho forsvann.

12.

Ved midnatt då året vende fór fyrverkeriet til vers frå byane bortanfor dalen, men ingen i landsbyen brydde seg med å lette hovudet for å sjå. Brannane dei to førre nyårsaftene hadde gjort folk nervøse. Samfunnshuset var tomt, og folk stod ute ved låvane og bygningane sine medan seks politimenn patruljerte, og brannvesenet var på vakt. I halv eitt-tida hadde spenninga letta. Nokre få tende på eigne rakettar, og det vart sunge ein forseinka ‘Auld Lang Syne.’ Frå det gamle steinbrotet lydte det ein eksplosjon, og dei tomme lagerbygningane gjekk i lufta. Brannvesenet var tidleg på plass, men kunne ikkje nærme seg staden i frykt for kva materiale som fanst der. Bygningane brann ned til grunnen, og om morgonen steig det framleis ein tynn eim av røyk. Det var snakk om at brannane kunne blitt tende av faren til den sakna jenta, men han hadde visstnok alibi.¹⁷ Politiet hadde sjekka. Du har ikkje lyst å vere typen som går og spør mannen om noko slikt, poengterte Martin. Irene heldt på å fikse huset no som Andrew endeleg hadde funne seg til rette i nytt husvære. Det var mykje arbeid, men ho budde hjå Winnie i heile perioden. Der var dørkarmar å erstatte og kablar å reparere. Aller mest var det mykje måling som trongst å få gjort. Heile huset treng å friskast opp, fortalde ho Winnie. Og ho skulle ordne kjøkkenet til standarden sett for reiselivsnæringa. Ho hadde planar om å ta inn bed & breakfast-gjestar. Kva anna skal eg finne på for meg sjølv i det store huset? spurde ho Winnie. Eg kjem til å kjede bakenden av meg. Litt selskap gjer godt.

Cathy banka på døra til Mr. Wilson og spurde om Nelson trong ein luftetur, og han var halvveges ute av huset allereie før ho var ferdig med å spørje. Eg trur vi vert med begge to i dag, sa han, medan Nelson allereie var i førevegen og bykste ut framom han. Han var like dertent kledd som alltid, men hadde noko ekstra ved seg denne gongen; brettane i buksene var kanskje skarpare, eller håret stussa kortare. Dei tok til venstre ved kyrkja og gjekk ned forbi frukthagen og dei nedre engene mot steinbrua, og då dei hadde kryssa brua, spurde Cathy om han ikkje ville stogge for ein pustepause. Han skulle til å ymte frampå om at det ikkje var naudsynt, men kom på betre tankar då han stod ved benken, og oppmoda henne om å setje seg fyrst. Dei sat og lytta til vatnet som vende under steinbrua og kråkene som steig og stupte frå platantrea. Nelson snusa rundt i det lange graset på elvekanten. Sola stod høgt, og dagen var nesten varm i ly av dei overhengande steinane. Cathy la andletet på skakke mot himmelen for

¹⁷ Han er blitt eit slags uromoment som dukkar opp i landsbyen i ny og ne, og han har blitt arrestert for lausgjengeri og liknande.

å nyte det. Dette var fyrste dagen i året ho greidde å glede seg over å vere utandørs. Ho la merke til kor stille Mr. Wilson var ved sida av henne. Han kjende seg tilfreds. Dei sat tettare enn ho hadde innsett, og no lyfta han ei hand frå fanget og la henne på kneet hennar. Litt høgare oppe enn kneet. Handa kvilte der lett, og dei såg på henne, begge to. Ein augneblink verka den eine like overraska som den andre. Ho lyfta handa hans, som var varmare og mjukare enn ho ville trudd, og la henne varsamt tilbake i fanget hans. Ingen av dei sa noko på ei stund. Unnskyld, sa han. Men du kan ikkje klandre ein mann for å ha tenkt tanken, kan du vel? Ho smilte og rista på hovudet. Det er berre det at ein vert einsam av og til, sa han og såg vekk, oppover elva. Eg skjønar, David, sa ho stilt, det vert vi alle. Elva vende under steinbrua. Nelson hukte seg i det lange graset, og Cathy greip etter plastposane i jakkelomma.

Lynsey Smith flytta saman med den nye kjærasten som budde i eit av dei nye husa på andre sida av byen. Han var eldre enn henne og arbeidde som inspektør for gruveselskapet. Han åtte huset og hadde to bilar, og sjølv om det hadde starta som noko ho forventet skulle bli kortvarig, hadde ho innsett at ho verdsette tryggleiken han gav. Han hadde ein ryddig heim, han kunne lage mat og han kjøpte omtenksame gåver. Han oppmoda henne til å søkje sjukepleiarstudiet som ho hadde snakka om sidan ho var ferdig på universitetet. Han heitte Guy, og ho hadde møtt han medan ho arbeidde på Gladstone. Ho fortalde Rohan om det ein kveld då han hadde komme innom puben på eiga hand. Han var så sjarmerande, sa ho, sjølv om han ikkje prøvde å vere sjarmerande, om du skjønar kva eg meiner? Rohan nikka. Han ana ikkje kvifor ho fortalde han dette. Eg visste han var interessert, men det virka som han var interessert i meg, og ikkje i kva han kunne få ut av meg, liksom. Han høyrest bra ut, sa Rohan. Eg er glad på dine vegne. Eg veit det verkar forhasta, men det kjennest berre så rett. Tykkjer du det verkar forhasta? Eg tykkjer du skal stole på magekjensla di, Lynsey. Nettopp, det kjennest plutseleg som det rette. Når du kjem i vår alder, så berre veit du desse tinga ofte. Og det vert godt å flytte ut òg, det har vore noko herk å bu heime igjen. Men kva med deg, korleis går det? Korleis går det med mor di? Mor di, sa Rohan, automatisk. Vårdansen vart heldt til inntekt for å reparere muren på kyrkjegarden og vart gjennomført utan noko meir enn dei vanlege opptrinna. Nye steg vart hogne inn i vollen som leia ned til den nye gangbrua ved den vesle kafeen, og i løpet av nokre veker hadde jorda på kvart steg igjen blitt trakka djupare ned enn plankane som var sette opp for å halde henne på plass. Eit fuglekongepar bygde reir i grantreet i enden av hagen til Mr. Wilson, men for høgt oppe til at han kunne sjå arbeidet med å knyte saman gras og mose.

Mora til Richard hadde teke vare på dei fleste eigedelane til ektemannen etter at han døydde, og no måtte han gå igjennom alle desse i tillegg til hennar. Cathy hadde komme bort for å hjelpe til, og dei tømde øskjer fulle av papir frå skåpa over senga. Det er nok ein del av det her du berre kan hive utan å sjå så nøye på det, sa ho. Det var arbeidsfolk på taket som pussa opp skorsteinen og la nye takheller. Dei kunne høyrast romstere ustødig omkring. No og då vart ei øydelagd helle slengd over kanten, ho datt ned forbi vindauget og krasa i konteinaren ved framdøra. I papira var det gløtt av far hans overalt: i handskrifta, i namna på gardsleverandørane han hadde handla med, sjølv i den vage lukta av motorolje og tobakk. Og sjølv om det no hadde gått nesten tjue år, tenkte Richard framleis tilbake på gravferda. Han hadde berre komme for dagen og hadde kjent seg fråkopla frå heile greia. Han såg Cathy og Patrick idet han reiste, det var fyrste gongen han såg dei på årevis, og han var ikkje i stand til å avgjere om dei var utilpass på grunn av det eller fordi dei ikkje visste korleis dei skulle uttrykke medkjensle. Det var kjent at han ikkje tykte stort om far sin. Han hadde letta på trykket ved å spørje Patrick om jobben hans og spurt begge to om sønene deira. Cathy heldt stivt rundt han, og Patrick tok han i handa. Det var siste gongen han hadde sett Patrick. Nokre år seinare ringde mora for å fortelje at Patrick berre hadde sprotte om på gata, og ho vart ganske snurt då han sa at ho truleg meinte dotte. Du var ikkje der eingong, sa ho til han. Korleis kan du vite noko om det. Endå ei helle vart slengd frå taket og krasa i konteinaren, og Cathy byrja å bla gjennom alle papira som låg utover senga. Det er sikkert nokre brev her, sa ho. Det er kanskje noko som systrene dine har lyst å sjå. Før han skjøna kva han gjorde, kvilte handa lett på ryggen hennar, fingrane glei nedover langs den tynne ulla i kardiganen og fylgde beina i ryggrada. Ho verken stivna eller flytta seg, slik han ville trudd om han hadde tenkt over det fyrst. Ho syntest heller å mjukne av rørsla hans og lena ryggen så vidt bakover mot han. Ho var gammal nok til å ha barnebarn no. Det burde vore for seint for noko slikt som dette. På taket reiv arbeidsfolka av fleire øydelagde heller og kasta dei over kanten.

Ei gruppe studentar gjekk fjelltur for ei god sak og rota seg vekk i tjukk skodde då dei kom ned att frå Stone Sisters tidleg i mai. Av ein eller annan grunn hamna dei på baksida av sementfabrikken, og då dei vart viste kvar dei hadde enda opp på kartet, nekta dei å tru det. Det vart tent på brannar i låvane rundt Hunter-tunet og i bosspanna bak kafeen, men det var ingenting som kopla dei til nyårsbrannane. Det var framleis ingen prov for at dei var starta av same personen. Ved bøkeskogen klekte kyllingane til dei ville fasanane. Dei krøkte seg ut og

spredde seg frå reiret, snoka rundt etter mat og overhørde kallinga til mora. Tvillingane fór på skuletur til besøkssenteret, og då dei kom tilbake, ville Lee høyre om Rebecca Shaw. Han sa det ganske avslappa, med neven i kjeksboksen, og Su freista å halde stemma lys og lett medan ho forklarte. Han nikka medan ho snakka, og ho tippa han hadde høyrte mesteparten av dette på skulen. Så kva var det som skjedde med henne, då? spurde han. Det er det ingen som veit. Ho vart aldri funnen. Så ho er ikkje død, altså, sa Lee, med munnen full av kjeks. Ho er kanskje det, jau, sa Su. Det verkar sannsynleg. Ho ville vel ha dukka opp snart viss ikkje. Det er ingen som gøymer seg så lenge. Eg kunne gjort det, påstod Lee muntert. Eg og Sam har funne ut korleis. Der er jo alle dei tunellane under åsen, gruver og allting. Du kan gøyme deg der og komme ut om natta for å finne deg mat. Du kan gå ut på ulike plassar kvar gong, og då ville ingen visst noko. Du kunne bu der nede i årevis om du ville. Sånn som, viss det var krig eller noko, eller viss du vart jakta på. Det er kanskje det ho driv med. Berre ventar på rette tidspunktet for å komme ut att og overraske alle. Kor gammal trur du ho ville vore no, mamma? Su kjende seg frostig. Ho sette seg ned ved bordet og la ei hand over kinnet til Lee slik at han skulle sjå på henne og konsentrere seg. Ho sa svært roleg at han aldri måtte gå inn i verken gruvene eller grottene. Aldri. Ho bad han om å love det. Andletsuttrykket hennar skremde han. Han lova at dei aldri skulle gå inn der igjen. Det var regn, og elva stod høgt, og hagtornen ved dei nedste engene blømde skummande kvitt. Hundekjeksken stod tett langs gangstiane, og skuggen vart djupare under tree. Elva jaga under steinbrua. Richard og Cathy var begge overraska over kor lite hast dei hadde med å få kvarandre til sengs. Viss dei i det heile tatt hadde tenkt over det – noko Cathy innrømde å ha gjort litevetta, og Richard sa berre at tanken hadde slått han, faktisk – så hadde dei førestilt seg å snuble oppover trappa, ruske av kleda og deise inn i møblar. Men det var ikkje noko av den slags. Det vart lagt fram eit varleg spørsmål, og eit gjennomtenkt svar vart gjeve før kleda vart falda over ryggen på stolen ved sminkebordet, dynene trekte bak og så dregne over begge to. Der var ein meir saktmodig blygskap enn då dei som halvblinde tenåringar hasta gjennom stunda oppe på heia. Det var ikkje mindre fint for det. Det var som om, tenkte Richard, dei hadde venta så lenge på dette at det var ingen grunn til å skunde seg no. Han ana ikkje om det var det Cathy tenkte óg. Då ho kom, var det med ei lågmælt tiskande mumling, og han greidde ikkje tyde dei gjentekne orda idet andletet hennar strekte seg mot det støvete lyset frå vindaugget. Etterpå då han prøvde å prate, la ho ein finger over leppene sine og smilte og såg mot vindaugget igjen. Det var rastlause låvesvaler eller taksvaler i lufta utanfor. Han innsåg at innan no burde han vite kva som var kva. Han visste at ho ville vite det. Han visste ikkje om han skulle spørje.

—

I juni var det fem og seksti-årsdagen til Austin Cooper, og som presang vart Su med å gå dei tre fyrste etappane av Greystone Way saman med han, medan gutane var hjå ein skulekamerat i byen. Han hadde prøvd å overtale henne i årevis, men no som ho hadde gått med på det, verka han meir nervøs enn henne. Om morgonen gjekk han gjennom sekkane for tredje gong og spurde om ho var sikker på at ho var i form til det her. Ho lo og sa ho burde stille han det same spørsmålet. Ho sa han ikkje vart yngre og skubba han ut døra. Ved besøkssenteret stogga dei for å fotografere før dei la i veg oppover den lange, slakke åsen. Dei leia ei stund, men Austin fann fort ut at han måtte bruke begge gåstavane han hadde med. Det tok dei ein time å nå toppen av den fyrste bakken, og dei stogga for å ta fleire bilete. Det var klårt, og dei kunne sjå landsbyen og elva og skogane langs hovudvegen. Framfor dei strekte det seg ei snor av steinheller tvers over heia, med magasinane på eine sida, motorvegen langs horisonten, og ei rekkje av vindmøller roterte på ein åsrygg i det fjerne. Eldstemann fyrst, sa Sue og smilte og klappa han på ryggen, og i ein augneblink ynskte Cooper å lyfte henne opp og ta henne med til eit søkk i røsslyngen. Men dei hadde langt å gå før det byrja å mørkne, og det var ikkje tid til den slags. Han var ikkje sikker på om ryggen ville tole det. For fyrste gong på ti år var det beitemark ved Stone Sisters, det nye graset var tjukt og grønt, og det var ikkje lenger teikn til at dette hadde vore heimen til parolane og båla og dansen til alle ungdommane.¹⁸ Lynsey Smith trulova seg, noko som overraska sjølv henne. Ting gjekk bra, men ho hadde ikkje tenkt så langt framover. Men ho var så komfortabel saman med han, og ho kunne sjå at det ikkje sveiv han å få nei då han fridde, og det var nok til at ho ville seie ja. Det var mykje snakk om bryllaupet som nærma seg. Kjensla rundt det heile var at dette skjedde fort. Veldig lite var kjent om Guy, men Lynsey var rekna som ei forstandig kvinne som ikkje ville ha funne på noko tull. Har de det kjekt i lag? spurde Sophie då Lynsey uroa seg for at det gjekk for fort. Han er veldig snill, sa Lynsey. Han er omtenkjam. Brønnpynnten vart teken ned, og fjølene skrapa reine, og leira og pynnten vart dumpa i eit hjørne av enga. Fjølene vart vaska og turka, og to av Jackson-gutane bar dei opp til låven ved Hunter-tunet og la dei vekk til neste år. Olivia Hunter gjorde seg ferdig med dei siste eksamenane utan nokon fest for å markere stoda. Ho visste allereie at ho kom til å stryke, og ho unngjekk maset til foreldra ved å snakke om å ta eit år som friviljug i utlandet. Sanninga var at ho ikkje hadde tenkt å fare utanlands, men ho hadde ikkje funne ein betre plan enno. Ho var mykje på rommet sitt og laga

¹⁸ Ungdommar som protesterte mot gruvedrift.

YouTube-videoar. På bøane til Thompson var rundballane ferdige, og markene var danderte med dei bleikgrøne kulene.

–

Magasina var turre, og flomløpa steig opp i lufta som skorsteinar og strekte seg etter ei vassmengde som det var vanskeleg å førestille seg skulle komme att. Sola var heit og nådelaus og sprekte opp jorda. I bøkeskogen stod ein grevling og såg ei hoe sirkulere framfor seg. Begge laga svake etelydar. Grevlingen la seg over hoa i nokre minutt og beit henne i nakken. Det var eit virvar av skrapemerke i den berre jorda. Dei snart flygedyktige ringduene datt frå reira. Der var fyrste forsøk på å fly. Ved det gamle steinbrotet ved hovudvegen stod lintorskemunnen lågt over bakken i full blom og smørgul i den bleike kveldssola. Rohan Wright reiste heimanfrå for andre gong. Han hadde visstnok sett etter arbeid i månadsvis, men det var fyrst då Susanna tok føre seg nokre søknader saman med han at det resulterte i jobb. Han spurde om ho prøvde å bli kvitt han, og ho svara at ho elska han halvt i hel, men ho ville ikkje at han skulle bli ein original som framleis budde hjå mor si. Då Susanna fortalde Cathy dette, lo begge to før Susanna brått skifta tema og spurde om Richard. Cathy senka hovudet for å skjule eit smil og sa det gjekk greitt. Alt var vel. Det gjekk fint. Susanna venta på meir. Kva? spurde Cathy. Det er alt. Det går fint. Han er ein bra mann. Men det er ikkje stort å snakke om. Sjølv om. Susanna venta. Sjølv om kva då? spurde ho. Eg trur han legg meir i det enn han treng, sa Cathy. Altså, vi har det kjekt, og han er skjøn, men eg har kjensla av at han er på nippet til å gjere noko dumt, som å fri eller noko. Hadde det vore så gale? spurde Susanna. Cathy himla med auga. Eg er ferdig med å vere gift, sa ho. Eg vil ikkje rote meg inn i den slags igjen. Eg likar å ikkje måtte svare for meg til nokon, skjøn du? Altså, dette er mitt hus, dette er gutane mine, dette er tida mi. Eg trur kanskje han har noko anna i tankane. Rohan gjekk på intervjuet og fekk jobben og flytta inn hjå nokre vener i Manchester. Langs elva og nedover vegen flaug dei vaksne flaggermusene snøgt i ei stødige stille og var vekke før dei vart sett.

I august vart Lynsey Smith gift hjå sorenskrivaren i byen. Bryllaupsmottakinga vart halden på Culshaw Hall-hotellet. James og Rohan og Sophie var der alle saman, og etter fotograferinga stod dei på plenen og prøvde å finne ut kva tid dei såg kvarandre sist. Det må ha vore sumaren etter vidaregåande, avgjorde Rohan. Eg fullførde aldri vidaregåande, poengterte Sophie. Sant nok, sa han. Men sjå på deg no, kaksen i nye media. Naturtalent – det finst ikkje noko grad

eller vitnemål for naturtalent. Er det *det* dei kallar det no for tida? Dei såg Liam på veg inn med ein smårolling på eine armen og ein eldre unge som heldt han i handa. Han nikka i deira retning, men kom ikkje bort for å seie hei. Dei måtte vente på talene før dei kunne ete, og på eit tidspunkt la Sophie handa over glaset til James for å oppmode han om å roe ned. Blikket han gav henne var kvast og ukjent. Han drakk vidare, raskt, og seinare på kvelden måtte Sophie be Will Jackson om å få han heimatt til Rohan, der han skulle overnatte. I Cardwell vart cricketkampen spelt ferdig for fyrste gong på tre år, og tradisjonen for heimesiger halden i hevd. Gutane til Jackson gjekk ut og skilde lamma frå mødrene sine og flytta dei til ei eng ute av syne, og rabalderet dei laga runga over landsbyen i tre dagar og netter. Innan midten av månaden vart kveldane lengre og svalare. Dogga som steig om morgonen bar med seg ei lukt av jord. Huset til mora til Richard var framleis ikkje lagt ut for sal, og Richard freista å forklare systrene at viss dei ville ha ein god pris, måtte dei vente til marknaden tok seg opp. Dei hadde komme for ei langhelg med ektemakane, sidan ungane no var gamle nok til å vere att med venene sine, og etter ein kveld med eting og drikking og oppdateringar vart hustematikken endeleg lufta. Rachel bles det same hjartesukket som Richard hugsa ho hadde lagt seg til som tolvåring, og ektemannen, Tim, fortalde dei til stades at alle var leie av å liste seg på tå rundt denne roteheita. Richard spurde om han ikkje kunne vere litt meir direkte, og ein augneblink tok ikkje Tim sarkasmen. Sarah sa det ikkje var naudsynt at det skulle verte slik, og Tim svara heller skarpt at det var det faktisk. Kor skal eg bu? spurde Richard. Kor skal eg fare hen? Dette har alltid vore heimen min. Det er ingen som kastar deg ut, sa Tim. Men det er på tide å snakke om pengar. Du var her jo aldri uansett, mumla Sarah. Alle saman visste kva huset var verdt, med prisen driven opp så det song av velstående pendlarar og fritidsbustad-marknaden; og han rekna med dei visste at han som frilansar aldri ville få eit lån på den størrelsen. Kvifor gjer de det her mot meg? sa han. Han forlét huset og gjekk over plassen mot bøkeskogen. Han ville snakke med Cathy, men han ville roe seg ned fyrst. Om dei berre kunne la det liggje ei lita stund til. Nokre få månader, eit år. Viss han og Cathy heldt fram slik dei gjorde no, kom dei til å flytte saman. Det verka uunngåeleg. Etter alle desse åra. Men det var for tidleg å nemne det no. Han ville ikkje ho skulle tru det berre var på grunn av huset. Han ville ho skulle vite kor mykje ho betydde for han. Han trudde ho var klar for å høyre det. Ho hadde så godt som sagt noko i den duren. Viss systrene berre kunne gje seg når det gjaldt huset. Han hadde ikkje sagt noko om Cathy, naturlegvis. Dei hadde ikkje teke han alvorleg om han sa noko om det.

Lynsey slutta å arbeide på Gladstone, delvis fordi Guy sa han ikkje var komfortabel med at ho stod på utstilling bak baren til alle tider. Ho hadde byrja på sjukepleieskulen i Derby. Guy hadde kjøpt ein nyare bil til henne, slik at ho kunne køyre til og frå kvar dag utan å uroe seg for at bilen skulle stogge. Det vart mykje køyring, men ho sette pris på tida for seg sjølv. Steinbrota og vegkantane var fulle av geitrams, dei lilla stammeliknande blomane bøygde seg over og frøa spreia seg florlett vidare. Hjø Irene kom dei fyrste overnattingsgjestane, og ho fortalde Winnie at det hadde gått bra. Dei var ikkje så veldig snakkesalige, sa ho. Eg trur ikkje dei hadde lyst til å prate i det heile tatt, og det var synd. Dei var mykje på rommet sitt. Men dei var fulle av lovord då dei reiste. Winnie spurde om der var fleire reservasjonar, og Irene sa kalenderen hadde blitt fylt opp fort etter at Andrew hadde laga nettsida for henne. Han må ha gjort ein god jobb, sa ho. Andrew budde i kommunalbustadane inne i byen og var tilsynelatande svært nøgd med det. Han tok eit fag på college. Irene reiste og vitja han dei fleste vekene, og han sende e-post. Han hadde vist henne korleis ho skulle sende e-post. Mot slutten av månaden reiste Ashley Wright for å studere, og Susanna vart åleine att i eit fireromshus. Det var plutseleg og ingenting å gjere med. Ho såg seg om for å skaffe eit mindre husvære, og sjølv om ingenting var ledig, måtte ho likevel betale soveromsskatten. Ho brukte mykje tid på hageparsellen og hausta bønnene og dei fyrste squashane og gjorde jorda klar for det kommande året. Somme kalde kveldar gjekk Ruth saman med henne ned frå hageparsellen for å ete middag, og når ho hadde drukke for mykje vin til å køyre, overnatta ho. I barskogfeltet ovanfor Hunter-tunet feita dei unge fuglekongane seg allereie opp til vinteren.

—

I oktober vart det gamle Tucker-huset lagt ut for sal, og det var ikkje på marknaden i meir enn ein måned. Ein flyttebil dukka opp, og huset vart reinska. Jones forsynte seg av frukta som var. Frå markene til Hunter kom lyden av totaktsmotorar, kvining frå motorsager som skar seg inn i tømmer og det greinete dunket av nok eit felt tre. I bøkeskogen skunda dei unge revane seg til nytt territorium og vart påkøyrde i hopetal langs vegane. Ved elva tok oppsynsmannen opp teinene med ferskvasskreps. Dei syda med klørne, og kroppane kravla over einannan. Det klapra idet han tippa dei ned i ein fuktig potetsekk. Å ete dei var eit frynsegode, men jentene hans rørte dei ikkje. Det var sant at det var arbeid med å reinske ut kjøtet, men arbeidet var verdt det, tenkte han. Låvesvalene som hadde reist nokre dagar før ville vere godt på veg til Sør-Afrika no og ville halde seg på beitemarkene der nede om vinteren før dei fann vegen tilbake til våren. Det hadde blitt observert at Richard overnatta hjå Cathy, men ingen hadde

kjent trong til å kommentere. Kjensla var at dei to fortente det. Om morgonen var Richard fyrst ute av senga, han bevega seg stille rundt i huset og laga kaffi. La seg opp i senga igjen, trekt tilbake for meir. Dei hadde lyst på kvarandre på ein måte han hadde gløymt var mogleg, eller kanskje aldri hadde kjent før. Han kjende seg rastlaus med mindre han la kroppen attåt hennar. Då dei hadde gjort dette som tenåringar, høgt på den andre sida av åsen med utsyn til magasin nummer tolv og motorvegen, så hadde dei to kjent seg vektlause, der dei lyfta kvarandre mot lufta og kviskra. Tretti år seinare hadde begge meir substans, men det var ikkje mindre fryd. Kroppen hennar tyngde over hans, han gav seg hen, og fyrst no skjønna han kor ofte han hadde halde tilbake tidlegare. Med dei andre, sjølv då det hadde vore seriøst, hadde han alltid sett framover etter kva som kom seinare. Han hadde alltid tenkt han skulle gå vidare på eit tidspunkt. Han hadde overtydd seg sjølv om at det ikkje var tilfellet, men no var det tydeleg at han hadde venta på Cathy. Venta på dette. At dei to var blitt gamle og kom tilbake til kvarandre, overraska over tinga dei enno kunne gjere. Tinga dei kunne gjere betre enn dei hadde evna den gong då. Då ho drog han bak mot vindaugskarmen og tok han inn i seg, fletta fingrane deira seg saman, vindauget dirra i karmene og han kunne sjå ho tenkte desse tinga også. Det var ingen grunn til å seie dei høgt. Det var slik han hadde trudd det ville gå til slutt. At dei skulle ta til vit. Medan ho sov, laga han middag, og dei åt, og dei gjekk til sengs att. Det ville bli spørsmål om framtidsplanar i månadane framover, men enn så lenge kunne dei spørsmåla vente. Idet dei sovna igjen den kvelden, sa ho dei måtte vere varsame. Ho kviskra dette i øyret hans. Han trudde han visste kva ho meinte.

—

På toppen av heia vart det lagt ein valmuekrans ved restane av Lancaster-bombeflyet. No var det få i landsbyen som hugsa åra med luftåtak; bombeflya som pløgde himmelen nattetid og gløden over horisonten av byar i brann, og lukta. Det skjedde eit uhell med fyrverkeriet på bålfeften då eit par rakettar velta på den mjuke bakken etter at luntene var tende og skaut rett over hovuda på forsamlinga. Men ingen vart skada, og det vart avgjort å halde fram med oppskytinga. I verkstaden stua Geoff Simmons dei glaserte krukkene inn i keramikkomnen for den andre brenninga. Det regna, og vatn rann nedover eine veggen. Han hadde stort sett bytter der det draup, men teppa var våte. Det var lukt av myglende papir, og krukkene tok lenger tid å turke. Whippeten var vekke, og han visste ikkje kva han skulle gjere med timane medan keramikkomnen brende. Han opna døra, sleppte inn lufta, og ei gardin av regn sveia over dørstokken. Ingen kom opp veggen. Elva vende under steinbrua og heldt fram mot demninga. Ingen sa stort om den sakna jenta, men ho vart framleis tenkt på ofte. Kva som kunne ha

hendt. Ho kunne ha blitt skada av foreldra ved eit grufullt uhell, eit dytt eller ei staning som ikkje var meint på den måten i det heile tatt, og i eit anfall av panikk kunne dei ha bore henne til ein stad ho ville få fred, før dei sprang til landsbyen etter hjelp. Ho kunne blitt skada av foreldra med vilje, blitt skubba, eller kroka, eller slegen bakanfrå gjentekne gonger og ha dotte utan å reise seg opp att, og dei kunne ha teke henne med høgt opp på åsen og lagt henne til kvile ein stad dei visste ho aldri ville bli funnen.

Richard og Cathy låg i senga då ho sa det ikkje var så lurt å halde fram på denne måten. Det fyrste han tenkte var om ho ikkje kunne venta til dei hadde kledd på seg. Han hadde hatt nok av slike samtaler til å kjenne att mønsteret, men det hadde aldri skjedd i senga før. I det siste hadde det ikkje hendt medan han var i same landet eingong; geografi var vanlegvis poenget som vart trekt fram. Poenget til Cathy var noko vagare. Dei prøvde å skape att noko frå fortida, sa ho. Det kunne ikkje fungere slik. Begge hadde forandra seg så mykje, og likevel såg dei på kvarandre som om dei var atten år, og dei kom til å forakte kvarandre for å ha endra seg. Ho var sikker, visstnok. Ho kunne sjå at det ville bli problematisk. Men er det eit problem no, spurde han. Nei, men det kjem til å bli det, eg ser det for meg, sa ho. Eg vil passe på at det ikkje skal skje oss. Eg vil passe på venskapen vår, sa ho. Han visste ikkje korleis han skulle seie seg ueinig. Då han kledde på seg, vart han med eitt sjølvmedviten, og han bar kleda sine i ein haug inn på badet. Han sette på krana. Då han kom ned, sa han at han ikkje vart til kaffi. Igjen sa han at han sjølvsagt forstod. Han sa hei til Mr. Wilson, som stod i døropninga med Nelson, og gjekk til øvste enden av vegen. Der var julesongarar som gjekk frå dør til dør til inntekt for det lokale hospitet, dei heldt lyslykter på stikker, pusten deira fordampa i det gule lyset og stemmene trengde seg gjennom den råskne lufta. Ein augneblink vart Richard fanga blant dei og nøydd til å stemme i. *Å Betlehem, du vesle by, me ser deg kvila der.*¹⁹

I mjølkestallen til Thompson kom dei siste kyrne for dagen inn for å mjølke. Mennene var byrja å bli trøytt. Den vesle samtalen som hadde vore, hadde stilna, og dei siste ti minutta hadde berre dei rytmiske slurka og klikka frå maskineriet høyrdest, samt eit og anna raut eller tramp frå kyrne. Ved magasina stupte ein hegre brått mot vatnet; han stogga nett før nebbet braut overflata, retta seg varsamt opp og heldt seg nok ein gong i ro. I bøkeskogen var revane høglytte. Paringstida nærma seg, og rettar vart hevda. Det var bjeffing og skriking, og om

¹⁹ Frå "Å Betlehem, du vesle by." Omsett til nynorsk av Trygve Bjerkeim.

natta bar lydane med seg den gamle redsla. Det var luktnarkering og slåsting før para vart etablerte. Det var spretthalar i gjørma ved cricketbana, ein million eller fleire, og blant dei ei hoe som la dei siste egga i livet. Langt inni greinene på kyrkjegardsbarlinda hadde fuglekongane det travelt med å ete. Richard og Cathy vart observert oppe på heia med hunden til Mr. Wilson, og dei gjekk mykje lenger enn Nelson var van med. Han såg ikkje ut til å ha noko i mot det. Richard forklarte Cathy kvifor det ikkje var så dumt om dei satsa på eit forhold. Dei var økonomisk uavhengige; dei hadde vore saman før, og ting som fungerte den gong, fungerte framleis; begge var frå landsbyen og hørde til der, og dei hadde ei felles forståing av staden. Han talde faktisk argumenta og ramsa dei opp på fingrane. Han måtte ha snakka ei god stund. Ho stogga han. Richard, sa ho. Det her er ikkje som å legge inn anbod på eit prosjekt. Du skjønner det, sant? Han byrja å le før han innsåg at ho ikkje tulla, og han visste ikkje kvar han skulle sjå. Han bøygde framleis veslefingern bakover for å understreke det femte poenget. Det var byrja å gjere ilt, men han greidde ikkje gje slepp.

13.

Ved midnatt var det fyrverkeri i nabodalen og spenning i landsbyen, og ingen brannar vart tende. Det var ikkje før dagen etter at dei gamle bygningane til vassverket ved magasin nummer sju vart funne rykande og forkola. På fjernsyn var det bilete frå leiteaksjonen etter endå ei sakna tenåringsjente, med dei friviljuge strekt ut i linje på tvers av åssida med hovuda senka. Panto-oppsetjinga var Askepott. Det var kjent at øvingane hadde vore seint ute og hatt lite oppmøte, at Susanna måtte få inn nye folk i siste augneblink, og publikum var like nervøse som skodespelarane. Då Olivia Hunter steig fram for å byrje forteljinga, stod hovudlysa enno på og kulisser vart framleis flytta rundt. Ho vart sufflert to gongar dei fyrste få minutta, men strutta slik av glede over å vere på scena at ingen verka til å bry seg. Ver på vakt no, kunngjorde ho sprekkferdig av forventning, her kjem den fæle stemora! Der var ein lang pause, og så subba Les Thompson ut på scena, skjeggstubbete og oppsminka og utan gebiss, ute av stand til å hugse den fyrste replikken. Publikummet brukte lang tid på å roe seg såpass at han hørde suffløren. Ingen hadde visst at han skulle ha rolla, og gleda hans over å spele, der han vandra inn og ut av aktene utan å halde seg til manuset, lyfta kvelden for alle. Ruth Fowler og Susanna, som hadde steppa seint inn i rollene som dei fæle stesystrene og arbeidd med dei frekke replikkane ei god stund, vart fullstendig rundspelt, og på slutten av framsyninga var Les omgjeven av folk som ville ta bilete ilag med han. På festen etterpå kom Gordon Jackson i snakk med Olivia og gratulerte henne med å halde roa i alt kaoset. Han sa det krov ei viss modning å halde fatninga slik. Utan å tenkje seg om, strekte han fram armen og la ei laus lokke på plass bak øyret hennar.

På hageparsellane var det lite å hauste utanom nokre hardna vintergrønsaker: tjukknerva spinatblad, små handfuller med sennep og eit gulnande dekke av grønkål. Frostene hadde vore hardnakka. I bøkeskogen var revane stille. Hia var gjort klare og var varme og rommelege, og tispene heldt seg der nede i mørkeret. Det gamle Tucker-huset²⁰ vart pussa opp til sumarhus, fekk nytt elektrisk anlegg og nye gipsplater, og treverket vart måla blast grågrønt. Det vart lagt til rette for at hagen skulle trenge lite vedlikehald. Der var krukke med grus og ulike grastypar og eit rastebord med terrassevarmar. I bøkeskogen var trea dryssa med snø, og sollyset sila gjennom og rista han laus. Elva kila tregreiner under steinbrua og rann vilt over demninga. Faren til den sakna jenta vart spurt om brannane igjen og arrestert. I

²⁰ Der enkemannen budde.

hegrekoloniane vart reira bygde oppatt. På Feitetysdag bad Mr. Wilson Cathy komme bort på pannekaker. Ho måtte hjelpe han å lyfte støypejarnspanna bort på gasskomfyren, men etterpå insisterte han på at ho skulle sitje ved bordet og bli servert. Den fyrste pannekaka vart brend og kasta på golvet til Nelson. Den andre vart bra, men Nelson laga slikt styr at Mr. Wilson la den på golvet også. Du tykkjer vel at eg er blauthjarta, sa han, og ho nekta ikkje for det. Ho delte sitronane på skjerebrettet medan Mr. Wilson laga ein stabel med pannekaker og heldt dei varme i omnen, og då han var ferdig, sette dei seg ilag og åt. Jean laga veldig gode pannekaker, sa han.²¹ Sprø i kantane. Veit du kva eg meiner? Cathy nikka, og Nelson kom og la hovudet i fanget hennar, og ho sa ho aldri fekk til å lage dei slik. Då dei hadde ete, gjekk dei opp mot landsbyen ilag med Nelson. Til ei forandring heldt dei seg på hovudvegen og gjekk mot hageparsellane og bøkeskogen. På torget sa Mr. Wilson han ville stogge for å ta eit glas på Gladstone og møte dei på tilbakevegen, og Cathy spurde korleis det gjekk med hofta. Han sa ho ikkje var så verst, men at han på dette stadiet i livet fortente å sleppe å fare og renne oppover heia. Idet ho lo og snudde seg for å gå, bukka han lint mot henne og gjorde ei rørsle som eingong må ha tilsvara å ta av seg hatten. Ho vinka tilbake og let Nelson dra i bandet mot stien gjennom bøkeskogen, til besøkssenteret og dei høge, vindstille åsane.

Cooper vart observert utanfor den gamle slaktaren, nesten på knea, med neven trykt mot brystkassen. Innan Su kom til sjukehuset, sat han allereie oppreist i senga. Berre ein liten støkk, sa han håst, og ho sa svært lågmælt at ho skulle søren meg gje han ein verkeleg støkk om han gjorde noko slikt igjen. Brenneslene vaks opp rundt den daude eika på gardstunet til Thompson, veden med kvite flekkar i sola. Ein flokk gråtraster letta frå svarthyllane ved elvekanten bak skulen, steig opp frå dalen og vende nordaustover mot magasina, åsane, Nordsjøen, Noreg. Sally Fletcher overtala Brian til å la henne ha høner i den gamle frukthagen, og ho bad Will Jackson byggje eit hønsehus til henne. Will sa hønene kom til å pikke på alt, så ho måtte forsikre seg om at bakken var trygg, og ho betalte dei to Cooper-tvillingane for å plukke opp det som var att av campingvogna. Dei fylte seks sekkar med plastrestar og dei bomullsliknande stumpane av gamle sigarettar. Martin såg Les Thompson på den nye supermarknaden i byen, der han stod ved kassen med ei handlekorg. Han hadde ikkje sett han der før. Då Les merka seg prisen på ein liter mjølk, bad han den unge kvinna seie prisen høgt. Han såg på henne ei god stund før han la setelboka tilbake i lomma og gjekk

²¹ Som tidlegare nemnt, er dette den avdøde kona hans.

ut, og han etterlet seg halvparten av varene og den unge kvinna forvirra. Eit kvitleg lys fór sakte over heia, sette seg i dei vassrike gjela og grøftene og vart skarpare i eit augeblikk før skyene glei saman ovanfor.

I april vart dei fyrste svalene observert, der dei segla lågt over engene tidleg på kvelden og tok insekta som steig med dogga. Framleis var klapra frå eit helikopter aldri lyden av eit helikopter åleine, men alt det den lyden ei natt hadde innebore.²² Gordon tok på seg litt snekking opp på Hunter-tunet og vart i pausane sett snakke med Olivia ved varebilen. Stikker vart sette opp langs skogkanten ved Stone Sisters, og Cooper oppdaga ein ny konsesjonssøknad frå eit gruvefirma.²³ Huset til mora til Richard vart lagt ut for sal og vart selt innan ein månad, og Richard brukte ei helg på å rydde ut før han leverte nøkkelen hjå meklaren. Han lurte på å stikke innom Cathy på veg til byen, men det enda med at han køyrde rett forbi vegenden hennar og ned mot steinbrotet og skogen og svingen i elva ved hovudvegen. Dei nye skota til einstapen var krølla tett saman og venta på dei lengre dagane. Mr. Wilson døydde, etter kort tids sjukdom, og Jane Hughes vart invitert tilbake for å forrette gravferda. Cathy overtok Nelson så han kunne bu hjå henne.

—

Su Cooper bar dei nye utgåvene av Valley Echo i ei stor skulderveske rundt i landsbyen. Veska var tung, og ho brukte heile ettermiddagen på å gjere ferdig jobben. Austin hadde insistert på å gjere det sjølv, men han hadde allereie slite seg ut med å få utgåva trykt. Det var ho som hadde lytta skikkeleg til råda han hadde fått etter hjarteinfarkt, og det var ho som sytte for at han fylgde dei. Lett mosjon, sunn kost, søvn. Ikkje drakse på ei veske opp og ned bratte brusteinsgater. Ho var streng med han, slik lækjaren sa ho truleg måtte vere. Ho hadde lett for det. Ho hadde ikkje tenkt å la han skakk-køyre seg igjen. Det kom regn, og elva stod høgt. Magasina fyltest. Mot slutten av kvar dag fylte Maisie eit vaskefat med varmt vatn, helte i såpe og litevetta olje, og bar det ut i stova saman med vaskedukar og eit handklede. Då Jackson såg henne, trekte han ei mine som romma like mykje kjærleik som mistru. Ho ignorerte han, drog dyna bakover, kneppa opp pysjamasen og vridde den varme vaskeduken. Medan ho vaska, heldt han eit fast blick mot vindaug og åsane bortanfor. Gråtrastene var vekke frå markene bak kyrkja.

²² Då Rebecca Shaw forsvann, dura det helikopter over landsbyen og heiane om natta.

²³ Antar at dette gjeld at han som journalist ofte sjekkar postlistene til kommunen.

På engene ved elva var dei tidlege knoppurtene sprotne, og dei tistelliknande rosa hovuda nikka mot alle som gjekk forbi. I samfunnshuset vart arbeidsteikningane til brønnpynnten lagt utover trefjølene, festa på plass og skissene prikka inn i leira. Irene såg til at det vart gjort skikkeleg før ho nikka godkjent, og papiret kunne takast vekk. På markene til Thompson vart rundballane lyfta opp i ein låg lastebil og tekne med til gardstunet for å bli stabla og surra i netting. Les Thompson fylgde årvakent med på arbeidet. På hageparsellane stakk aspargesstilkane opp frå den tjukke, svarte jorda. Etter ei veke hadde Clive skore ned og bore vekk dei to fyrste dusina, og resten fekk vekse til busker i full høgde, klare til neste år. James Broad datt og brekte foten medan han klatra veggane nedanfor Black Bull Rocks og vart henta av fjellredningsgruppa. Då Lynsey hørde det, tok ho ein dag fri frå colleget og drog for å besøke han. Han sov då ho kom, og i nokre få minutt sat ho og såg på bandasjen rundt foten og blåmerka på armane. Rørslene til augevippene. Ho drog stolen litevetta nærare senga, og han vakna. Er du kommen for å øve deg? spurde han.²⁴ Ho såg på foten igjen. Nokon må skifte den bandasjen, sa ho. Men eg rører han ikkje. Du er sikkert full i basillar og all slags. Han såg på henne. Basillar? Ja, James. Basillar. Det er eit medisinsk omgrep. Pluss at du luktar. Sjukepleien går greitt, høyrer eg? spurde han. Skal seie du er flink med pasientane. Jau, svara ho. Det går fint. Korleis går klatringa? Jau då, det går greitt, sa han. Klatringa er grei. Eg er ikkje fullt så god på dettinga. Ho lo, endeleg, og då han også lo, kvein han plutseleg og stogga. Ho skvatt. Er det ribbebeina? spurde ho. Veldig bra, sjukesøster. Ja, det er ribbebeina. Dei er ikkje brotne, men gjer jævleg ilt. Ho sa ingenting. Ho reiste seg opp, lena seg varsamt over og kyssa han på munnen. Det hadde ikkje vore meininga, og då ho hadde byrja, var det vanskeleg å stogge. Han kyssa henne tilbake og la handa på sida av andletet hennar. Ho trekte seg vekk. Ho turka seg ikkje rundt munnen, men ho kunne likså godt ha gjort det. Lynsey, sa han. James, ikkje. Ho såg ut til å ville seie noko meir kanskje, men ho letta opp veska og gjekk.

Fyrste gongen Gordon Jackson låg med Olivia Hunter, vart han levande minna om den gongen på åsen saman med mor hennar. I ein augneblink hadde han innvendingar. Der var ein likskap i stemma, sjølv om ho hadde mindre å seie. Ho verka mindre sikker på kva ho ville enn mora hadde vore. Men noko ville ho, og det verka ikkje realt å forklare innvendingane

²⁴ Ho går på sjukepleiehøgskulen.

heller. Foreldra hennar var vekke, og alle dei ombygde låvane var tomme. Han hadde gjort kur til Olivia ei god stund no, og ting var i ein fin fase. Ho var naken omtrent så snart dei var komne inn i rommet. Ho var fin å sjå til, men ho verka ukomfortabel med at han såg. Ho sette seg på kne på senga. Huda hennar var svært klår. Stram. Han tenkte han var i god form, men då han såg på henne no, kjende han seg skrøpeleg. Ho heldt ut ei hand og strekte seg mot beltet. Han greip skuldra hennar og la henne ned. Ho kyssa han så hardt at det lyfte han frå senga. Inn det opne vindaugget kom eit drag av lavendellukt og lyden av ein firhjuling på åsen. I nåletrea skaffa musvåkane mat til reira sine, ungane vaks raskt og krov meir for kvar dag. På hageparsellane vart dei tidlege potetene tekne opp, bleike og glatte som hønseegg på den varme, mørke jorda.

August var turr og vindstille, støv steig frå markene og det var stor fare for brann på åsane. Dei unge ringduene forlét reira og øvde på å fly, dei slo seg oppover frå trea før dei bøygde vengene og glei stivt mot bakken. Grevlingane var ute lenger om nettene og streifa nærare grensene til territoriet sitt. Det vart markert med lukter, og om morgonen vart det funne små haugar med mjukt ekskrement. I verkstaden pakka Geoff Simmons pottene inn i papir og bobleplast og forseгла dei i pappøskjer. Menneska som bestilte trudde dei fekk vasar eller muggar eller koppar, men alt var berre kjørel for han. Han merka øskjene og bar dei ned vegen til postkontoret. Han lét døra stå opa heile tida no. Huset til Jones stod tomt. Det var uvisse om kvar Jones hadde reist, og ingen vart einige om kvar han var sist sett. Men huset stod mørkt, og då lauva fall, tetta dei takrenna, og regnet sila under takmønene og flekka til murpussen. Posten vart framleis levert og observert i stadig større haugar innafor vindaugget i framdøra. Det vart kjapt vurdert kor vidt Jones faktisk var der inne, død. Men Brian Fletcher visste kvar systera budde og vart fortalt at Jones framleis besøkte henne, og dermed var den saka avslutta. Kva han gjorde med sitt eige hus var hans eige val, sa folk. Irene var innom ein gong eller to og fiffa litt i hagen og sytte for at takrenna vart reinska. På cricketbana enda kampen mot Cardwell i tap.

I september kom Rohan og James over frå Manchester, samt Sophie frå London, og dei nytta dagen til å møte Lynsey. Dei hadde snakka om det ved jul, og det hadde teke denne tida å få det til. Den eigentlege planen hadde vore å ta seg ein fjelltur, men James gjekk framleis på krykkjer så dei tok ein køyretur i staden. Dei møttest på Hunter-tunet ein sundagsmorgon, og

dei fire sat i frukostsalen med kaffi og croissantar. Stuart var vekke på arbeid, men Jess stilla kring dei og spurde spørsmål og prata om kor fort tida hadde gått sidan dei var tenåringar som sat og hang på dei same barkrakkane. De har ikkje tilfeldigvis tid til å sjå på bilete no, eller? spurde ho. Eg har nokre herlege frå siste skuledagen dykkar. Dei var høflege, men sa dei måtte vidare. Ho stod i døropninga og kika idet alle stua seg inn i bilen til Sophie. Kjøkkenet dirra av stilla bak henne. Olivia var reist ut for dagen allereie. Ho snudde seg og rydda vekk frukosten deira. Dei fire køyrde opp forbi besøkssenteret og sette kursen mot vegane som leia til dei høgste magasina. Dei hadde ikkje særleg til plan. Sophie spurde James kor ille beinet var, og han svara at han ikkje var fullstendig krøpling, men han kunne ikkje gå meir enn eit par-tre kilometer. Men det kjem seg, vel? Så lenge eg ikkje finn på noko idiotisk. Som å dette av Black Bull Rocks, for eksempel? Den typen idioti? Nettopp. Så lenge eg ikkje gjer det igjen, så går det fint. Og så lenge vi ikkje legg deg i bakken og trampar på foten din? Ja, det er ikkje mykje til hjelp, heller. Ok, skjønar. Berre lurte. Sophie sette kursen mot den nye vegen til vindmøllene og parkerte på toppen. Herifrå kunne dei sjå sju av magasina som strekte seg mot landsbyen og elva nedanfor og motorvegen i andre retninga. Vinden tok seg opp, og bilen rista. Dette burde blåse vekk fyllesjuka, sa Rohan, og alle opna dørene. James trong hjelp til å finne balansen på krykkjene, og Lynsey og Rohan gjekk på kvar si side for å verje han frå vinden. Dei la i veg langs ryggen. Vindmølleblada piska over dei. Skyene vart ujamt spreidde av vinden, og lyset blafra ikring dei. Lynsey la armen i James sin og lena seg lett inntil medan dei gjekk. Dei tre bevega seg sakte. Sophie var utolmodig og låg framom, ho snudde seg for å ta bilete av dei med telefonen og venta på at dei skulle ta henne att. Vegen vart til eit far, faret vart til ein sti, og James byrja å vegre seg. Dei kunne sjå dei gamle bygningane til vassverket på toppen av magasin nummer sju. Dei stogga, og han sa han trudde han hadde fått nok. Det var uver på veg frå motorvegen, og dei vart einige om å snu. Nja, det var ikkje akkurat Iron Man-utfordringa, men det får halde som eit fyrste forsøk, sa Rohan. Vi prøver oss litt lenger neste gong, sant? James beit allereie tennene saman i ubehag og svara ikkje. Lynsey heldt fast i armen hans. Neste vår, sa Sophie. Då kan vi gå heile Greystone Way, alle fire. Heile? Det er minst ein tidagarstur. Så fiks deg fri med ein gong. Du er vel ikkje redd, vel? Det er lenge å vere vekke, sa Lynsey. Ho sa ikkje rett ut at Guy ville mislike det, men dei skjøna at det var det ho meinte. Då dei kom tilbake til bilen, hadde det blitt avtala at dei definitivt skulle gå turen til våren, men berre Sophie trudde det faktisk ville skje. Dei køyrde tilbake til Sophie slik at Rohan og Lynsey kunne få bilane med inn til byen, og dei åt lunsj på puben ved elva. Uveret hadde gått over, og det var varmt nok til å sitje ute. Rohan snakka litt om korleis det gjekk med musikken hans, og Sophie freista å forklare den nye verksemda ho var involvert i i

London. Det kvitra i telefonen til Lynsey eit par gonger, og den tredje eller fjerde gongen sa ho at ho måtte heim. James peika plutselig forferda mot noko på andre sida av elva. Det var ingenting der, men medan Rohan og Sophie snudde seg for å sjå, lena han seg framover og gav Lynsey eit mjukt kyss på kinnet. Ho rista avverjande på hovudet, og han smilte. Kom igjen, sa han medan han tok av seg skoa og sokkane og la dei på bordet. Han venta ikkje på at dei andre skulle slå seg med, og han talde ikkje til tre, men idet han hadde halta bort til vasskanten, var dei berrføtte ved sida av han. Sophie og Rohan tok kvar sin arm og hjelpte han ned elvekanten. Lynsey bar krykkjene. Sjølv på slutten av ein varm sumar var vatnet bitande kaldt då det kom frå åsane, og alle heiv etter pusten idet dei vassa over. Midt i elva stogga dei. Dei skulle ta ut i ulike retningar frå parkeringsplassen, og tre av dei hadde langt å fare. Dei var ikkje klare til å reise. Vatnet skåla rundt anklane og vende under brua. På uteserveringa plukka ei svarttrast smulane under bordet. Elva var kald og rann vidare, og dei stod og såg oppover åsane.

Dagane vart kortare, og det var disig og skoddete. Hagemøblar vart sette inn. Kardeborrane stod høge og brune langs elvekantane og skrapa stivt mot lufta. Om kveldane vart dei siste eldgullvengene sett i bøskeskogen der dei kvilte med bøygd hovud på graset ved sidan av faret. Sola stod lågt over åsen idet Les Thompson leia kyrne frå mjølkestallen til innhegninga der dei beita for natta. Han lukka grinda bak dei og gjekk tilbake til mjølkestallen for å spyle over han. Den metalliske lukta av kommande regn steig opp, og lufta kjendest lada og tett. Der var ei sitring før dei fyrste tjukke dropane fall, og dei var forløysande. Susanna Wright sa opp huset ved endevegen og flytta saman med Ruth Fowler over butikken i Harefield. Dei hadde vore saman i månadsvis no, og dei som hadde merka det var berre overraska over at det hadde teke så lang tid. Dei hadde ikkje komme med noko stor kunngjering, men dei hadde heller ikkje prøvd å halde det for seg sjølv. Dei heldt fram med å arbeide på kvar sine hageparsellar. På utsjekkingsdagar vart Irene heldt i ande i dei ombygde låvane på Hunter-tunet. Ho tok fyrst av sengkleda og opna vindauga så madrassane fekk lufta seg. Ho moppa og støvsuga og tvetta og gjekk fram og tilbake mellom dei tre einingane etter kvart som golvane turka. Ho song medan ho arbeidde. Det var meldt regn, men enn så lenge var lufta i gjennomtrekken varm og frisk som røsslyng. På det minste soverommet i enden av låven sa ho ei bøn, slik ho hadde gjort i årevis no. Ho kjende den gamle trongen til å sjå under senga. Ho skifta alle lakena og dynetrekka, sette velkomstkorger på kjøkkenbenkane og nyplukka blomar i vasar og muggar. Ho lét att vindauga og låste dørene. Det var ein enkel nok jobb, men ho forsikra seg om at han

vart gjort skikkeleg. Folk visste dei kunne stole på henne. Ho la nøklane i lomma og gjekk nedover oppkøyrsla medan føtene knasa i grusen. Ein time enno til bed & breakfast-gjestane skulle komme heime hjå henne. Tid nok til å sitje. Ein sjeldan luksus, framleis.

–

På hageparsellane la fyrste frosten seg på vinteravlingane og sprengde opp jorda. Cathy trudde Richard ville høyre frå seg etter å ha selt huset til mora, eller at han kanskje ville finne ein grunn til å komme tilbake til landsbyen. Men det skjedde ingenting, og då ho ringde nummeret hans, var der ein rar summetone som tyda på at han var utanlands. Han svara ikkje før tredje gongen ho ringde, og etter dei hadde prata nokre minutt, sa ho at ho sakna han. Ho hadde innsett at ho sakna han, sa ho. Elva stod høgt og var tjukk av slam, og der var harr i hopetal for dei som visste kvar dei skulle sjå. Ian Dowsett var ute i kanalen mellom mølledammane og drog ei søkkt fluge ikring steinane og venta på høvet til å rykkje til. Kulden seiv allereie inn i vadebuksene. Det var vanskeleg å bli like lenge ute i vatnet som han eingong hadde vore. Magasina var fulle, og vinden som tumla ned dalen skubba vatnet i bylgjer over kanten på demningane. Ved foten av barlinda på kyrkjegarden pressa fuglekongane seg tett saman mot kulden. Den sakna jenta hadde enno ikkje blitt gløymd. Namnet til jenta var Rebecca, eller Becky, eller Bex. Ho hadde blitt leita etter overalt. Ho hadde blitt leita etter i lammefloren på garden til Jackson, og folk hadde gått i den tjukke stanken av skremde søyer og klive opp på loftet og pressa seg bak stablane med høypollar, og i mørkna utanfor vart det teke djupe andedrag av frisk luft idet folk var på veg over jordet til dei andre låvane. Ho hadde blitt leita etter i grottene, ved steinbrota, i magasina og på alle åsane. Det var ikkje hjelp i. Det vart framleis drøymd draumar om henne. Der var draumar der ho tok bussen til ein togstasjon og gjekk om bord på eit tog som kom ut av kontroll og vart slengt av skinnene. Der var draumar der ho sprang ned veggen og møtte ein mann med bil som tok henne til ei ferje. Draumar der ho berre sprang og sprang, til veggen, til ein skysstasjon, til ein by der ho kunne finne nok stader å gøyme seg. Der var draumar om å finne henne den kvelden ho vart meldt sakna, ved å snuble over henne på heia i det mørket senka seg og hjelpe henne tilbake til foreldra. I draumane sa foreldra takk, som i forbifarten, og folk mumla eitkvart om at det ikkje var noko stress.

Skyene glei forbi månen, sølvlyset stråla over engene og inn og ut av søkka. Ei svarttrast flytta inn under hekken til Mr. Wilson og snoka etter eitkvart å ete i lauvhaugen. Ved elva

knuste oppsynsmannen isen på mølledammen slik at ingen barn skulle freiste å teste han. Han hadde ein rikeleg lang påle å smelle med, og det tok nokre slag for å bryte gjennom. Der var blokker av gjennomskinleg is som vende seg i det svarte vatnet. I takmønene på kyrkja var flaggermusene djupt falda i dvalen, og lufta ikring dei stod stille. I verkstaden vaska Geoff Simmons dagens arbeid av hendene, og den størkna leira løyste seg i mjølkete bekkar mot sluket og ned i leirefilteret, før det klåre vatnet steig opp att i røyra og rann reint langs det opne avlaupet utanfor. Oppe på Hunter-eigedomen glitra stammane til dei avskorne piletrestubbane i raudt og gull i det skarpe vinterlyset. Der var julesongar i kyrkja, med levande lys og lukta av barlind og kristtorn. Molly Jackson song eit vers solo på “Glade jol,” og stemma hennar skalv litevetta medan foreldra såg frå den andre sida av kyrkjegolv. Då ho var ferdig, såg alle ned i arka for å finne teksten til det andre verset. Lyden av songen bar ut i kvelden, ned til elva og skulen og cricketbana. Elva rann tom og klår og vende under brua. Det var skyer, og kvelden var mørk, og folk gjekk gjennom gatene med hovuda senka. I husa skein varme lys, og på torgplassen lak samtalene ut frå puben. Bildører small og nokon ropa god natt, og framlysa sveipa over vegen, forbi parsellane, forbi bøkeskogen og besøkssenteret og forsvann over åsane. Åsane var eit mørkt omriss. Magasina var matt metallgrå. Ved steinbrotet hang slengdissa over vatnet. Frå senga lytta Jackson til songen frå kyrkja. Det var *sæle fred, himmelsk fred.*²⁵

²⁵ Frå “Glade jol,” omsett til nynorsk av Bernt Støylen i 1905.

Kommentar

Innleiing

Denne teksten vil skildre og diskutere nokre av utfordringane i arbeidet med å omsette kapittel elleve, tolv og tretten av *Reservoir 13* av den nord-engelske forfattaren Jon McGregor. Diskusjonen er delt i avsnitt. Fyrst reflekterer eg rundt språkleg heimleggjering, bruken av nynorsk, og vestnorsk dialekt i dei indirekte dialogane. Vidare ser eg på forholdet – og tidvis motsetninga – mellom flyt og presisjon i omsettinga. Den tredje delen av kommentaren diskuterer McGregor sin hyppige bruk av passiv setningsstruktur og kvifor dette er eit stilistisk trekk eg ynskjer å ta vare på. Deretter ser eg på korleis McGregor konstruerer diskre humoristiske innslag og den passive stemma si rolle i dette, samt korleis den nynorske omsettinga kan ta vare på den britiske underdrivinga som forfattaren er så god på. Mot slutten av kommentaren, drøftar eg utfordrande enkeltord som stakk seg ut i omsettinga og grunngir dei vala eg har gjort. Til slutt skildrar eg kort korleis eg har tenkt rundt omsettinga av nokre politisk ukorrekte vendingar i *Reservoir 13*. Denne kommentaren baserer seg fyrst og fremst på erfaringane frå arbeidet med teksten, men eg har også nytta omsettingsteori som eit reiskap for å bli meir medviten i vala eg har gjort. I den samanheng har eg trive til teoretikarane Jean Boase-Beier, Eugene A. Nida og Lawrence Venuti.

Nynorsk språkdrakt og innslag av vestnorsk dialekt

Nynorsk er reiskapen denne omsettinga har for å ta lesaren med til England og for å halde på den britiske atmosfæren så godt som råd. Generelt ynskjer eg ikkje å fornorske miljøet i romanen, men for meg er det viktig å kle sjølve språket så naturleg som råd i den nynorske språkdrakta. I artikkelen “Foreignisation and resistance: Lawrence Venuti and his critics” utbroderer Kjetil Myskja tankane til omsettingsteoretikaren Lawrence Venuti når det gjeld framand- og heimleggjering i ei omsetting:

In a domesticating translation, one strives for a style as indistinguishable as possible from a text originally written in the target language; fluency and “naturalness” are prioritized. (...) In a foreignising translation, on the other hand, the translator intentionally disrupts the linguistic and genre expectations of the target language in order to mark the otherness of the translated texts (Myskja 3, 4).

Når det gjeld det språklege i omsettinga mi, har eg prioritert heimleggjering og naturleg flyt. Eg har freista å unngå openberre brot som signaliserer at dette er ein omsett tekst. Ei viss heimleggjering er i mine auge naudsynt for å unngå at lesaren skal fokusere medvite på at dette er ein omsett tekst under sjølve lesinga, då eg sjølvsagt ynskjer at teksten skal fungere

autonomt. Målet er, så langt det går, å få romanen til å sjå ut som ein nynorsk originaltekst og samstundes overføre den distinkte stilen til McGregor til nynorsk. Forteljarstemma til McGregor er nøktern og ofte monoton, men samstundes lyfter han det prosaiske til noko poetisk på grunn av ordpresisjonen, rytmen og måten setningane fylgjer kvarandre. Dette er til dømes tydeleg på siste sida av romanen:

The river ran empty and clear, turning beneath the packhorse bridge. There were clouds and the evening was dark and people moved through the streets with their heads lowered. From the houses the lights shone warmly and in the square the conversations spilled out from the pub. Car doors slammed and someone called goodnight and the headlights swept across the road, past the allotments, around beyond the beech wood and the visitor centre and away through the hills. The hills were a dark silhouette. The reservoirs were a flat metallic grey. At the quarry the rope-swing hung above the water. From his bed Gordon Jackson listened to the singing in the church. All was calm, all was bright (McGregor 325).

Som for å understreke flyten, avsluttar han romanen med ei songstrofe. Eg ynskjer ikkje medvite å bryte med lingvistiske forventningar for å markere at dette er ein omsett tekst, sidan det bryt med eit av dei fremste særtrekka ved *Reservoir 13*: ein rytme og flyt som durar støtt og uanfakta gjennom heile romanen.

Forutan normert nynorsk, så nyttar denne omsettinga milde innslag av vestnorske dialektuttrykk i dei indirekte dialogane. Underteikna er oppvaksen i eit ruralt miljø i Sunnfjord. Difor har det vore naturleg å ta utgangspunkt i sunnfjorddialekten. McGregor brukar noko dialekt når han referer til kva karakterane i romanen seier, og i desse utvekslingane har teksten ein munnleg klang. Eit døme er då Cathy vitjar Mr. Wilson og han ynskjer at ho skal bidra økonomisk til symjeteuren hans: Ho oppmodar: “Don’t go overdoing it now, she said. You don’t want to go damaging that hip” (McGregor 278). Dette er omsett til “No må du ikkje overdrive det, sa ho. Du må ikkje gjere ska’ på hofta di” (s. 11). Dette håpar eg tek tilstrekkeleg vare på dialektinnslaget og den uformelle tonen dei imellom, utan å overdrive det. Dersom omsettinga ikkje treffer tonen på norsk dialekt i desse partia, så vil det heller ikkje få fram tonen i dei britiske dialektane i teksten. Slik eg ser det, vil ikkje særtrekka og stemninga i dette engelske lokalmiljøet komme fram viss eg ikkje greier å finne naturlege ord og uttrykk på nynorsk og vestnorsk dialekt, sidan dette eingong er “inngangsbillettane” i denne omsettinga. I kapittelet “Dynamic Equivalence in Translating,” skriv Eugene A. Nida om utfordringane med å oppnå ekvivalens mellom ein original og ei omsetting. Han hevdar det er umogleg å oppnå full ekvivalens, og at jo større kultur- og språkskilnader det er mellom dei to tekstane, dess større problem vert det å omsette slik at forståinga og verknaden av tekstane vert den same. Bruken av nynorsk og vestnorsk dialekt i *Reservoir 13* kan ha sine

føremonar i lys av Nida sin tanke om at kulturell og språkleg likskap er nyttig i ei omsetting. Historisk sett har det vore mykje kontakt over Nordsjøen, og det er fleire parallellar mellom Nord-England og Vestlandet. Det tunge veret kan begge stader uunngåeleg ha verknad på lunet, og humor ligg ofte innforstått mellom linjene. Det er vel heller ikkje nokon løyndom at nord-engelsk skepsis til det sørlege England og maktkonsentrasjon i London kan ha ein viss parallell i vestlandsk skepsis mot det sentrale Austlandet og sentralisering av maktinnstansar rundt hovudstadsområdet. Det er sikkert ikkje unikt for Vestlandet, men eg kjenner att mykje av den avmålte tonen hjå karakterane til McGregor i det vestlandske bygdemiljøet, og kanskje særskilt i Sunnfjord. I “A Framework for the Analysis and Evaluation of Theories of Translation,” skriv Nida:

(...) frequently the dialect forms used by writers are either horizontal (geographical) or vertical (socioeconomic) dialects, and rarely do authors or translators consistently represent all the details of such dialects, but at least certain easily recognized features are selected that serve to signal the type of dialect being used. (...) The problem for the translator is to find in a foreign language a dialect with approximately the same status and connotations. Rarely is the dialect match fully successful, for the values associated with a particular dialect are often highly specific (Nida 55).

Det vert ikkje heilt presist når eg hallar mot sunnfjorddialekt i omsettinga, men det medfører forhåpentlegvis at konnotasjonane er tilstrekkeleg samsvarande med McGregor sitt miljø. Då den eldre mannen Mr. Wilson takkar nei til å vere med Cathy på trimtur oppover heia, seier han: “but he felt entitled not to go traipsing up the moors at this point in his life” (McGregor 311, 312). Dette er omsett til “men at han på dette stadiet i livet fortente å sleppe å fare og renne oppover heia” (s. 27). Ved å nytte ordet renne har eg prøvd å fange den lett ironiske distansen Mr Wilson synest å ha til folk som spring på fjell i utrengsmål. Slik eg ser det, er det noko med dette litt lakoniske og sarkastiske utbrotet, sagt i ein godlynt tone, som kan vere temmeleg typisk for det vestlandske lynnet.

Under arbeidet med romanen, har den tilsynelatande slektskapen i kultur og lynne vore til god hjelp når ein har søkt nynorsk- eller dialektformuleringar som er mest mogleg i samsvar med originalteksten. I kapittelet “Principles of Correspondence,” deler Nida inn i formell og dynamisk ekvivalens når det gjeld omsetting. I det fyrstnemnde skal beskjednen på det omsette språket liggje så nært elementa i originalspråket som råd. Det sistnemnde definerer Nida som:

A translation of dynamic equivalence aims at complete naturalness of expression, and tries to relate the receptor to modes of behavior relevant within the context of his own

culture; it does not insist that he understand the cultural patterns of the source-language context in order to comprehend the message (Nida 129, 130).

Denne omsettinga har søkt dynamisk ekvivalens og har jakta på naturlege uttrykksmåtar på nynorsk, sjølv om det tidvis kan gå noko vekk frå dei engelske uttrykka. På grunn av likskapen mellom kulturane, vonar eg likevel at stemninga i originalteksten er teken vare på. Eit døme er då Clive gjev nybyrjaren Susanna råd om hagedrift. Han forklarar henne at dei som har for mange jarn i elden, gløymer det viktigaste. “Gets so they forget to do the planting” (McGregor 266) er omsett til “Enden på visa vert at dei gløymer å plante” (s. 5). Hadde eg omsett til “det vert til at dei gløymer å plante” ville det kanskje vore nærare originalspråket og nærare formell ekvivalens. Men eg tykkjer “Enden på visa” flyt meir naturleg og får betre fram eit passeleg snev av frustrasjon i budskapet til Clive. Så lenge det ikkje vert for overdrive og bryt med stilen til originalen, tykkjer eg det er fint å stundom farge teksten med nokre uttrykk med lokal forankring. Viss det uansett er umogleg å oppnå full ekvivalens med originalteksten, så er det fint om den omsette teksten har eigne kvalitetar. Til dømes – og utan samanlikning elles – ser eg fram til å lese omsettinga til Ragnar Hovland og Øystein Vidnes av *Stormfulle høgder*, nettopp fordi det er spanande å lese boka på nynorsk og sjå korleis dialekten i indre Sogn vert brukt i romanen. Eit anna døme der eg har prioritert ein naturleg måte å ordlegge seg i Sunnfjord, er då Cathy og Mr. Wilson kranglar om donasjonen til symjeturen. Cathy seier: “David, I can’t bear for us to fall out over this” (McGregor 282). Det er omsett til “David, det er forferdeleg om vi skal ryke i hop på grunn av det her” (s. 13). Ryke i hop står i ordboka til Språkrådet, men det er meir dialektprega enn originalen “fall out,” og dermed er det ikkje heilt i samsvar med originalteksten.

Andre stader har det vore naudsynt å nytte kompensasjon når det gjeld dialektbruk. På eit tidspunkt spør Jones Irene: “Andrew away on the bus?” (McGregor 265) Dette er omsett til normert nynorsk, sjølv om originalen er dialektprega: “Er Andrew reist med bussen?” (s. 4) Men dette har eg freista å kompensere for nokre linjer nedanfor, då den same karakteren, Jones, seier at det finst hjelp “if he’s hurting you” (McGregor 265). Dette er ikkje dialekt sjølvsagt, men det er omsett til dialekt: “viss han fer ilt åt med deg” (s. 4). Her kunne det vore omsett til “viss han skadar deg,” men det høyrer litt høgtidleg og stivt ut i ei samtale. I mine øyre er det ikkje slik to personar oppi åra nødvendigvis ville ordlagt seg i eit ruralt samfunn. “Viss han fer ilt åt” høyrer breitt ut, men samstundes trur eg mange også vil forstå det. Dei som forstår det, vil forhåpentlegvis sette pris på at det vert brukt. Eg trur det er dette dialektuttrykket eg dreg lengst i teksten, og eg ynskjer ikkje å gjere det for hyppig, i og med at

McGregor har ein edrueleg dialektbruk. Han nyttar ikkje særers breie uttrykk, så det vil ikkje passe seg å overdrive dialektuttrykka i omsettinga.

Eit anna ord som kan gje ei viss forankring i vestnorsk dialekt, er omsettinga av “fellow” (McGregor 268) til “kavaleren” (s. 5). Martin Fowler omtalar den nye kjærasten til dottera som “fellow.” Eg er ikkje sikker på korleis kavalert vert nytta over heile landet, men i Sunnfjord er dette uttrykket eit rimeleg daglegdags omgrep for ein mannleg kjærast. Kavalert er rett nok meir innsnevra enn “fellow,” ettersom kavalert berre nyttast om ein mannleg kjærast. Vedkommande som nyttar omgrepet kjenner sannsynlegvis ikkje kavaleren; eventuelt er kavaleren relativt fjern for vedkommande. Kavalert brukast neppe om ein type du kjenner godt. Då brukast heller namnet eller “kjærasten.” Det kan ligge eit snev av ironi i ordet, sjølv om det ikkje treng å gjere det. Kavalert høyrer litt polert ut, og den slags passerer ikkje nødvendigvis utan ein viss ironisk distanse. Sidan Martin aldri har sett denne typen til dottera før, og sidan det er hans observasjonar vi fylgjer, meiner eg at kavalert er passande. Martin er i rett aldersgruppe til å nytte omgrepet, ettersom ein yngre person kanskje heller ville sagt “typen.” Martin verkar også litt skeptisk til fyren, difor kan den halvironiske snerten i ordet også legitimere valet av dette ordet i omsettinga.

Eit vidare eksempel på lokal forankring på ordnivå, er då Cooper er sjukmeld etter hjarteinfarkt, og Su går rundt med avisa. Ho tenkjer at han ikkje bør “(...) drakse på ei veske opp og ned bratte brusteinsgater” (s. 28). Uttrykket McGregor nyttar er: “lugging a bag” (McGregor 314). Dette er ikkje sagt i dialog, men det er tankane til Su vi les. Dermed tenkjer eg det kan opne for å nytte eit meir lokalt ord enn dersom det berre var den objektive forteljarstemma til McGregor vi høyrde. Drakse står ikkje i ordboka til Språkrådet, men ordet er eit synonym for å slepe på noko, å dra på noko – gjerne med strev og kav involvert. Det vert nytta til dømes i bergensdialekt, og er så vidt eg veit eit vanleg uttrykk iallfall i Vest-Noreg. Eg tykkjer ordet fangar skildringa i originalen av Su som kavert med avisveska, samstundes som det passar inn i stilen til resten av omsettinga.

Eg ynskjer å ta vare på den rurale stemninga i romanen og har tidvis valt ord og dialektord som moglegvis kan gje konnotasjonar til meir landlege omgjevnader. Til dømes då Jackson har lagt på seg “tremendous weight” (McGregor 264) har eg omsett “tremendous” til “uhorveleg” (s. 3). Her kunne det vore brukt vanlegare ord som enormt, grådig osv. Dei sistnemnde er ord som nyttast på både bokmål og nynorsk, men dei har i mine øyre mindre særpreg enn uhorveleg. Det verkar også naturleg å bruke dette ordet i samband med ein eldre kar som Jackson. Eit anna døme er då det har vore regn i vekevis, og folket fyrst har vore ved

godt mot, men i den tredje veka vart det “uncanny” (McGregor 280). “Uncanny” har eg omsett til “ufjelgt” (s. 12). Det er ikkje eit ord ein høyrer så ofte elles, men i dei bygdesamfunna eg kjenner til, så er det eit relativt typisk ord for å klage på surt ver, eller uver som aldri gjer seg. Nok eit eksempel er då svogeren til Richard til slutt sprekk og krev at slekta skal slutte å gå på tærne rundt arvestriden og husproblematikken. Han seier: “stop tiptoeing around all this bullshit” (McGregor 299). “Bullshit” har eg omsett til “roteheita” (s. 21). Var det ein heilt ung karakter som sa “bullshit,” hadde eg ikkje omsett det slik. Eit anna motargument er at “bullshit” er eit grovare og vanlegare ord enn roteheita. Samstundes er dette med arven og husproblematikken betent materie, og eg likar det giftige som kan ligge i roteheita. Denne svogeren er litt uvørden, så eg lurte på å omsette “this bullshit” til “denne driten.” Det er meir vulgært og krast. Eg er enno usikker på kva som er best av “driten” og “roteheita,” men eg har lete det sistnemnde stå. Eit siste døme på ordval med potensielt landlege assosiasjonar, er då Lynsey er ferdig å studere og bur heime hjå foreldra igjen. Ho seier: “It’s been a nightmare living at home again” (McGregor 290). Dette kunne for så vidt blitt omsett ordrett, altså at det har vore eit mareritt å bu heime igjen. Men eg tykkjer mareritt er for hardt å bruke på nynorsk. Så vidt eg veit er det ikkje snakk om vald i heimen eller den slags hjå Lynsey, så då er det vel overdrive å seie at det er eit mareritt å bu heime? På den andre sida kunne mareritt få fram den overdrivne dramatikken som stundom pregar ungdommeleg snakk. Samstundes er ikkje Lynsey tenåring lenger, så eg har valt å omsette dette til “det har vore noko herk å bu heime igjen” (s. 16). Eg håpar dette er nærare stemninga i originalen enn kva ei ordrett omsetting ville vore. Herk er eit ord eg likar veldig godt, og slik eg ser det, passar det godt inn i miljøet McGregor skildrar.

Flyt andsynes presisjon

Det kan tidvis oppstå friksjon mellom flyt og presisjon i omsettinga. I artikkelen “Saying what someone else meant: style, relevance and translation,” kommenterer Jean Boase-Beier med tanke på poetiske omsettingar at: “(...) the freedom to change content, which most poetic translators would argue for, is not just born out of the difficulties of their job, but out of the nature of the poetry they translate, whose essential truth is to be found in the style” (Boase-Beier 285-286). Sjølv om McGregor ikkje skriv poesi, så er det ein poetisk klang i mykje av teksten. Boase-Beier meiner den essensielle sanninga i poesi ligg i stilen, og eg trur mykje av “sanninga” om teksten til McGregor ligg i den suggererande rytmen; den prosaiske tonen som kan minne om stemma i ein avisnotis. Rytmen kan sjåast som ein del av innhaldet i romanen; livet og kvardagane traskar og går, støtt, utan dei store oppbrota – iallfall sett utanfrå. I og

med at rytmen er så karakteristisk i denne romanen, så har eg ofte tenkt at det er eit større brotsverk å bryte med rytmen enn å nytte eit mindre presist ord på enkeltstader. Eit døme der eg let flyt trumfe presisjon, er då Austin Cooper har gebursdag: “for a treat Su agreed to walk the first three days of the Greystone Way” (McGregor 295). Dette er omsett til “som presang vart Su med å gå dei tre fyrste etappane av Greystone Way” (s. 19). Her vurderte eg å omsette “for a treat” til “som ein gest,” men eg tykkjer det høyrst i overkant formelt ut. Eg tykkjer også at gest får det til å høyrst ut som at dette er noko Su ikkje vil sjølv, men “nedlatar” seg til. Eg er klar over at “treat” og presang ikkje er det same, men om omsettinga skulle forklare dette meir korrekt, så vert det fort omstendeleg og hakkete. Slik eg vurderer det, er det idiomatisk norsk å snakke om presang når det gjeld gebursdagsgåver, anten gåvene er fysiske eller ei. Dette er ikkje eit ord som er avgjerande for handlinga i romanen, så eg har sagt meg nøgd med å bruke presang.

Seinare i kapittelet har eg omsett “There would be questions about arrangements in the months ahead” (McGregor 303) til “Det ville bli spørsmål om framtidsplanane i månadane framover” (s.23). Det er Richard som tenkjer dette, og “arrangements” er truleg ein kombinasjon av at Richard og Cathy må definere forholdet seg i mellom og eventuelt ordne praktiske ting, som om dei skal bu i lag, kor dei skal bu mm. Det kan fort bli knoting med å formulere ei setning som inneber akkurat det same som det engelske ordet, men eg har vurdert det slik at “framtidsplanar” for så vidt rommar det same poenget, i tillegg til at det held på flyten.

Det siste dømet eg vil ta fram med tanke på flyt kontra presisjon, er setninga: “In his studio Geoff Simmons sat on the sofa and watched the last batch dry” (McGregor 263). Dette er omsett til “I verkstaden sat Geoff Simmons på sofaen og såg dei siste gjenstandane turke” (s. 3). “Batch” er ikkje det same som ein gjenstand. Eg vurderte å omsette dette til “keramikpartiet,” men ville då få repetisjon av keramikk ved at “keramikkomn” står i neste setning. “Partiet” vart også vurdert, men det synest utydeleg, kan gje feil assosiasjonar og vil moglegvis forvirre lesaren. “Gjenstandane” er ikkje synonymt med omgrepet i originalen, men det teiknar forhåpentlegvis eit tilsvarande bilete av scena med Simmons, sidan partiet med keramikk uansett er sett saman av gjenstandar. Samstundes stussar ikkje lesaren og flyten vert halden ved lag.

Bruk av passiv setningsstruktur

Boase-Beier kommenterer at: “Stylistic devices I take to be elements in the text which are unusual, striking, or simply indicative of attitude” (Boase-Beier 278). Den hyppige bruken av passiv stemme er eit av dei stilistiske særprega som stikk seg ut i *Reservoir 13*, og McGregor synest å nytte passivstemma medvite gjennom heile romanen. Difor har eg freista å halde på den passive setningsstrukturen så godt det går i omsettinga. Eit døme på denne stilen ser vi då Mrs. Simpson går av med tidleg pensjon på grunn av dårleg helse: “There was discretion about what this meant, but it wasn’t felt appropriate to hold a retirement do” (McGregor 271). Dette omsette eg til “Det vart vist takt rundt kva dette innebar, men det vart ikkje sett som passande å takke ho av med ein fest” (s. 7). Akkurat kven det er som syner takt, og kven det er som vurderer fest som upassande, er ukjent. I og med at handlinga er lagt til eit ruralt samfunn prega av mykje snakk, så er den passive stemma ein effektiv måte å få fram den overvakande og kommenterande distansen som kjenneteiknar bygdeslarv. Typisk for slikt snakk er jo gjerne at få, om nokon, veit kvar informasjonen kjem frå i utgangspunktet, men at praten likevel har ein slags allvitande klang. Det at forfattaren nyttar passiv form kan dermed vere ein essensiell del av miljøskildringa, og slik sett vert stilen ein del av innhaldet. Dette er i tråd med tankane til Boase-Beier, som hevdar at:

the style of the utterance, which provides clues to the intended interpretation, is of paramount importance. This appears likely to be true for all literary translation, where the content is not all that matters and the style could be argued to be just as important (Boase-Beier 277).

Vidare i artikkelen argumenterer ho for at stil faktisk er viktigare enn innhald i ein roman. I arbeidet med denne omsettinga, er eg einig med Boase-Beier når ho seier at stilen er heilt avgjerande for innhaldet. Slik eg ser det, bidreg også passivstemma i teksten til McGregor til ein objektiv synsvinkel for forteljarstemma. Bokmeldaren i *The Guardian* samanlikna forteljarstemma hjå McGregor med ein hauk som sveva over innbyggjarane (Hadley 2017). Sjølv tenkjer eg på stemma som noko endå kjølegare og meir objektivt, snarare ei overvakande drone. McGregor held på ein distansert tone som ikkje avslører for mykje kjensler verken den eine eller andre vegen blant innbyggjarane. Eit døme er i verkstaden hjå Simmons: “There was a smell of mouldering paper and the pots were taking longer to dry” (McGregor 304). Dette er omsett til “Det var lukt av myglende papir, og krukkene tok lenger tid å turke” (s. 23). Her kan det argumenterast for at det på norsk kunne vore betre flyt ved å gjere om til aktiv form, altså: “Det lukta av myglende papir...” Men eg tykkjer den passive forma til McGregor tek betre vare på avstanden til karakterane vi observerer. Det er vesentleg

sidan vi i denne boka ikkje vert *godt* kjent med nokon av karakterane. Boase-Beier understrekar korleis stilistiske verkemiddel og syntaksar som den passive stemma kan skildre visse åtferder, og korleis repetisjon av visse ord og vendingar kan indikerer ein sinnstilstand (Boase-Beier 279). Når det gjeld keramikaren Geoff Simmons, så byrjar alle setningar om han: “I verkstaden...” Den monotone repetisjonen av handlingsmønster hans og dei passive setningane markerer avstand og understrekar einsemda denne karakteren slit med. Stilen er ein av dei få innfallsvinklane vi har for å verte kjende med denne karakteren. Simmons bryt ikkje ut, og han støyter frå seg dei som vil inn, til dømes kvinna som vil prøve eit forhold. Det motsette av å vere intim er gjerne å vere formell, og då den passive setningsstrukturen synest meir formell, vil eg difor halde på dette så langt eg kan i møta med, til dømes, Simmons.

Det kan også vere eit element av uhygge som vert forsterka av den passive stemma. Dette viser seg då McGregor skildrar framferda til revane i skogen: “There were barks and screams and at night the sounds carried the old dread” (McGregor 306). Dette er omsett til “Det var bjeffing og skriking, og om natta bar lydane med seg den gamle redsla” (s. 24, 25). Her kunne det vore nytta aktiv form: “Dei bjeffa og skreik.” Men ting er meir skremmande om det er diffust kvar og kven skrika kjem frå. Slik sett kan passiv stemma vere med å nøre opp under den uroa og valden som potensielt ligg latent i ein tekst og eit bygdesamfunn der ei ungjente har forsvunne sporlaust.

Humor

Den passive setningsstrukturen kan også vere avgjerande for humoren i romanen. Til dømes ser vi dette i landsbyfolket sine observasjonar av av-og-på relasjonen til Richard og Cathy: “Richard and Cathy were seen having lunch again at the new organic pub in Harefield. Questions were asked as to why they’d felt it necessary to go that far. Inferences were drawn” (McGregor 275). Ei av årsakene til at Cathy og Richard et lunsj i Harefield, er moglegvis at dei vil unngå folkesnakk. Dei er truleg innforstått med at det skal mindre til før folk byrjar å danne seg teoriar. Einkvan spør seg, ironisk nok, om kvifor det var naudsynt å fare så langt. Den passive stemma syner korleis ingen tek ansvar, eller vert stilt til ansvar, for dette snakket; tilsynelatande berre skjer det som ei slags forkvakla naturlov. Ved verken å avsløre kven som stiller spørsmål eller kven som dreg slutningar, så får McGregor fram det komiske i nyfikna, og stemma forsterkar ironien i kaféturen til Cathy og Richard. Situasjonen med Richard og Cathy i Harefield ville etter mi meining ikkje vore like humoristisk og talande dersom det overvakande blikket – den passive stemma – ikkje var der. Difor har eg heldt på dette i omsettinga: “Richard og Cathy vart igjen observert ete lunsj saman på den nye økologiske

puben i Harefield. Det vart stilt spørsmål om kvifor dei fann det naudsynt å reise så langt. Slutningar vart dregne” (s. 9). Det er også eit drag av denne humoren då “*The Valley Echo* carried a report of the sponsored swim, in which it was noted that Mr Wilson had shown unexpected stamina by swimming twenty-one lengths. Heartfelt congratulations were offered” (McGregor 280). Dette omsette eg til: “Valley Echo rapporterte frå velgjerdsymjeturen og beit seg merke i at Mr. Wilson hadde vist uventa uthald ved å symje tjuuein lengder. Hjartelege gratulasjonar vart gjevne” (s. 12). Dette kunne for så vidt blitt omsett til “Avisa gratulerte hjarteleg.” Det er vanskeleg å sette fingeren på akkurat kva, men det er noko med det formelle og danna i den passive rapporteringa som gjer dette komisk i mine auge. Vi veit at Cathy – som lova å betale fem pund per lengde i den tru at Mr. Wilson knapt greidde å symje fire-fem lengder – neppe gratulerer hjarteleg og høfleg, men snarare vrir seg når ho les denne notisen. Også i dette tilfellet, vert den ironiske effekten forsterka ved å halde på passivforma.

Elles når det gjeld humor, synest McGregor å ha ein typisk britisk humor basert på underdriving. Det er kanskje ikkje så mange passasjar i originalteksten som får lesaren til å le høgt, men det er fleire episodar som får lesaren til å humre. Sidan vi ikkje underdriv i same grad på norsk, så kan ikkje teksten nødvendigvis omsettast direkte, sidan det sannsynlegvis ikkje vil bli morosamt. Samstundes er humor etter mi meining eit av dei viktigaste aspekta med tanke på å treffe det engelske miljøet, då humor er så “sjølvsgt” og naturleg i Storbritannia. Eit døme frå boka er då ei jente vert køyrd heim til foreldra fordi ho på Mischief Night hadde kledd seg ut som den sakna jenta Rebecca Shaw. I teksten er det underforstått at det vert bråk og tilsnakk i heimen. McGregor skildrar situasjonen etter at jenta er køyrd heim: “and words were had” (McGregor 280). Dette har eg valt å omsette til “og det vart brudulje” (s. 12). Dette er sterkare ordelag enn i originalen, men sidan dette med underdriving synest meir brukt i Storbritannia enn i Noreg, så har eg valt eit “komisk” ord som brudulje for å kompensere og forhåpentlegvis få meir humreeffekt på norsk. Nida hevdar at: “In all cases one must measure both the designative and associative meanings, not merely in terms of lexical and syntactic features but also in terms of the total rhetorical impact and the complete communication event” (Nida 225). Viss eg ikkje forsterkar på norsk, risikerer eg å forflata den retoriske verknaden til den engelske setninga og ikkje kommunisere “glimtet i auget” som tidvis ligg mellom linjene hjå McGregor. I så fall ville teksten bli turrare enn naudsynt. Brudulje synest også å ha ein litt sleivete klang. Slik eg er van med ordet, så nyttar ein det somme tider for å summere opp noko ubehageleg som ein helst ikkje vil ha meir snakk

om. Ein treng ikkje stille fleire spørsmål om detaljane i det som skjedde når brudulje vert nytta. Ein veit nok; det var ubehageleg; det vart brudulje. Slik sett tykkjer eg det også høver i denne samanhengen.

Humoren til forfattaren ligg ikkje berre i bruken av passiv setningsstruktur og underdriving, men somme tider også i bruken av innskotne setningar. Til dømes ser vi dette då Lynsey kjem heim etter å ha slått opp med den eldre kjærasten i Leeds. Fyrst formanar han henne om alle dei positive erfaringane ho bør søkje i livet, før det blir tydeleg at han eigentleg vil slå opp fordi han har fått nok av henne: “He’d told her, when the conversation became a little more heated, that she was too needy and she made him feel trapped” (McGregor 277). Dette har eg omsett til “Han hadde sagt til henne, då samtala vart noko meir oppheta, at ho var for klengete, og han kjende seg fanga” (s. 10). Viss ein utelet innskotet på norsk, og set “då samtala vart meir oppheta” anten på starten eller slutten av setninga, fell noko av den humoristiske tonen vekk. Ved å ta vare på innskotet til forfattaren, får omsettinga den same ‘rett nok’-tonen som gjer det heile litt komisk, i staden for at det berre skal vere ei trist gjenforteljing av eit brot. Eg tykkjer mykje av snerten til McGregor ligg nettopp i denne evna til å legge inn diskre humor i måten han konstruerer ei setning, som skriven med dei same orda i ein annan struktur ikkje ville hatt same humoristiske effekten. Men når det gjeld innskotne setningar generelt i teksten, har eg ikkje vore heilt konsekvent. Bruken av innskot synest meir naturleg på engelsk, difor tenkjer eg det går an å fange stilen og tonen i originalteksten utan å fylgje den engelske setningsstrukturen slavisk når det gjeld dette. Til dømes har eg omsett “She’d died in bed, according to the doctor, possibly in her sleep” (McGregor 274) til “Ifylgje lækjaren hadde ho døydd i senga, moglegvis medan ho sov” (s. 9). Her tykkjer eg ikkje klangen i setninga vert så forandra av at eg justerer setningsledda. Med mindre innskotet har ein spesiell verknad, som til dømes i det humoristiske tilfellet sett ovanfor, så har eg ikkje alltid teke vare på innskota dersom den norske flyten vart meir naturleg utan innskot.

Omsetting av kulturelle fenomen

I det fyrste avsnittet i denne kommentaren og utover, har eg stort sett forsvart språkleg heimleggjing i arbeidet med å kle *Reservoir 13* i nynorsk språkdrakt og vestnorsk dialekt. Men nokre av tilfella der det er utfordrande å finne balansen mellom heimleggjing og framandgjerjing, oppstår når det gjeld engelske kulturelle fenomen. For sjølv om eg meiner at språket bør flyte, tykkjer eg ikkje at omsettinga skal glatte over, fornorske eller forenkle engelske kulturelle fenomen – eg ynskjer *ikkje* å ta den engelske kulturen ut av romanen. Til

dømes når det gjeld geografiske namn som Stone Sisters (McGregor 292) eller Black Bull Rocks (McGregor 315) har eg valt å ikkje omsette, då eg ikkje vil at det skal vere nokon tvil om at dette går føre seg i England. I *The Transaltor's Invisibility: A History of Translation*, referer Lawrence Venuti til teoretikaren Schleiermacher når han diskuterer heimleggjering og framandgjering i samband med kulturelle særpreg. Han meiner heimleggjering er “(...) ethnocentric reduction of the foreign text to target-language cultural values, bringing the author back home” (Venuti 20). Medan han hevdar framandgjering er å legge “(...) ethnodeviant pressure on those values to register the linguistic and cultural difference of the foreign text, sending the reader abroad” (Venuti 20). Venuti argumenterer mot å glatte over kulturelle særpreg i originalen, og han meiner at for mykje heimleggjering kan byggje opp under kulturell narsissisme. Når det gjeld kulturelle fenomen i *Reservoir 13*, vil eg etter beste evne prøve å unngå kulturell narsissisme. Eit døme der ein må vere obs på dette, er då det kvart år vert sett opp “pantomime” (McGregor 309) i landsbyen. Pantomime er ein britisk tradisjon som ikkje må forvekslast med miming. Til dømes er skikken gjort greie for i avisartikkelen “What is Panto? A Guide to the British Christmas Family Shows” (Arfin 2019). Det er ei musikalsk teater-oppsetjing rundt juletider for familiar som tek utgangspunkt i eit eventyr, ei folkeforteljing eller liknande med humoristisk vri, og skodespelarar kler seg ut på tvers av kjønna. Publikum syng med og ropar gjerne til skodespelarane. Eg vurderte å omsette dette til “juleforestilling,” men sidan dette er ein svært britisk tradisjon, tykkjer eg juleforestilling tek vekk for mykje av meininga og forandrar for mykje på omsettinga i høve til originalteksten. Etter å ha undersøkt litt, ser eg at det også i Noreg vert sett opp såkalla panto-oppsetjingar, baserte på den britiske forma for pantomime. Dei vert forkorta til panto for at det ikkje skal forvekslast med miming. Eg har i denne omsettinga landa på “panto-oppsetjinga” (s. 26). Det kan sikkert argumenterast mot dette, men etter mi meining kjem innhaldet betre fram med dette ordet, og eg tykkjer det har såpass mykje å seie for handlinga og det britiske miljøet i teksten at eg vel vekk den kanskje glattare omsettinga “juleforestilling.”

Eit anna kulturelt fenomen er “well-dressing” (McGregor 314). Dette er ein skikk som er med å plassere teksten i Nord-England, ettersom det er eit ritual som tradisjonelt er knytt til Peak District og Derbyshire. I informasjonsartikkelen “Well Dressing” (Historic UK) kan ein lese at rurale samfunn frå gammalt av har pynta brønnar, truleg i takksemd for reint vatn. Det vert sett opp trefjølør ved ein brønn, og treet vert dekkja med leire, for så at fjølene vert pynta med til dømes kronblad frå blomar, mose og anna dekor henta frå naturen. Dette er eit årleg

ritual som går att i kapittel etter kapittel i *Reservoir 13*, og spesielt karakteren Irene legg mykje ære og arbeid i dette. Eg har ikkje funne tidlegare omsettingar av dette uttrykket, og har valt å omsette det til “brønnpynnten” (s. 29). Men eg har ikkje eksplisittert i teksten akkurat kva det inneber. Det er mogleg at “well-dressing” er eit velkjent fenomen for mange lesarar. Det var det ikkje for underteikna. Spesielt sidan det går att mange gonger i teksten, bør konseptet kanskje klårgjerast tydelegare for den norske lesaren enn kva som går fram av berre romanteksten. Skulle denne teksten blitt publisert, hadde eg truleg lagt inn ein fotnote som forklara skikken fyrste gongen dette omgrepet dukka opp i teksten.

Vidare når det gjeld kulturelle omgrep, så har eg tenkt at “bed and breakfast”-tilbodet som Irene ynskjer å starte (McGregor 288), er eit så innarbeidd omgrep i Noreg at det er vanskeleg å tenkje seg eit ord som er meir naturleg å nytte som eit norsk synonym. Hadde dette vore ein eldre tekst, ville det vore passande å finne eit anna norsk ord. Men då dette er ein samtidstekst, så meiner eg at “bed and breakfast” er blitt såpass vanleg at det flyt naturleg også i ein norsk tekst. Sjølv om eg gjerne vil nytte norske ord så langt det går, verkar det i overkant rigid å omsette dette omgrepet.

I siste setninga i romanen er det naudsynt å omsette “Silent Night”- linja: “All was calm, all was bright” (McGregor 325). “Silent Night” er i England, som i Noreg, basert på “Stille Nacht.” Så i samband med dilemmaet med å omsette kulturelle fenomen, så ser eg dette som uproblematisk. Men samstundes er “All was calm, all was bright” ei vidkjend linje, og dei aller fleste vil kjenne att den engelske referansen. Viss denne omsettinga ikkje hadde omsett dei andre kulturelle omgrepa, så kunne kanskje linja berre stått på engelsk. Men på grunn av dei andre vala eg har gjort i laupet av omsettinga, så ville dette vore inkonsekvent. Det ville vel også nærma seg ei fallitterklæring å ikkje omsette den aller siste linja i romanen. I Bernt Støylen si nynorske omsetting av “Glade jol” frå 1905 er ekvivalenten til andre linje i fyrste vers “englar kjem frå Guds kongestol.” Dette vert naturlegvis meiningslaust i konteksten til McGregor. Det næraste eg kom tydinga “all was calm, all was bright” i omsettinga til Støylen, var “sæle fred, himmelsk fred.” Det fører ikkje nødvendigvis til at folk tenkjer på “Glade jol” med det same. Men samanlikna med det som kan vere ei relativt daglegdags frase, “all was calm, all was bright,” stikk “sæle fred, himmelsk fred” seg meir ut frå den vanlege ordlyden til McGregor. Sidan den nynorske linja i seg sjølv er mindre kjend, kan det for så vidt vere ein føremon at lesaren kanskje stussar og undrar over dette brotet. McGregor nyttar ikkje kursiv i den siste linja, men eg vel å gjere det. Sidan den nynorske linja er mindre kjend enn “all was calm, all was bright” kan vere greitt å minne lesaren om at dette

er ei songlinje ved å nytte kursiv. Då McGregor tidlegare i romanen siterer frå “O Little Town of Betlehem,” nyttar han sjølv kursiv. Så eg støttar meg på dette i argumentasjonen for å sette sitatet i kursiv. Omsettinga mi vart “Det var *sæle fred, himmelsk fred*” (s. 34).

To andre kulturelle hendingar som dukkar opp i romanen er Mischief Night og Bonfire Night. I den delen av boka eg har omsett, er Bonfire Night referert til som “the bonfire party” (McGregor 281). Dette har eg omsett til “bålfesten” (s. 13). Fyrste gongen ordet dukkar opp i teksten, vurderte eg å tydeleggjere at dette skjer 5. november. Men samstundes veit lesaren allereie av avsnittet og strukturen til McGregor at dette skjer i november, så eg tykkjer det er unødvendig. I tillegg kan det bryte med flyten. Så eg har lagt inn “den årvisse bålfesten” (s. 13) for å vise at dette ikkje er noko tilfeldig bålbrenning, men ein tradisjon. Det kulturelle fenomenet eg har fundert mest på, er likevel Mischief Night (McGregor 280). Ifylgje avisartikkelen “Mischief Night, apparently, is a Jersey thing. Here’s how this mayhem started” (Hoover 2019), er dette ein kveld der barn og ungdom finn på ugagn og fantestrekar, og dette er anten kvelden før Halloween eller kvelden før Bonfire Night. Så vidt eg veit, har vi ikkje noko tilsvarende i Noreg, og eg har ikkje funne eit allereie omsett namn på kvelden. Hadde det ikkje vore naudsynt å tenkje på heilskap i teksten, så hadde eg kanskje latt det stå som Mischief Night. Men sidan alle andre kulturelle omgrep er omsett – utanom det godt innarbeidde “bed and breakfast” – så vil det bryte med heilskapen om eg ikkje omset Mischief Night. Denne kvelden har ulike namn i ulike stader i Storbritannia og i verda elles. Dette kunne vore ei opning til å omsette ordet sjølv. Eg har tenkt på alternativ som “ugagnsaftan” eller “fanteaftan,” for så å spesifisere at dette er kvelden før allehelgensaftan fyrste gongen omgrepet er i bruk. Samstundes er eg redd ei slik omsetting skal ta for mykje merksemd og verke litt desperat, i mangel av eit betre ord. Når det er sagt, latar det til at Halloween har snappa opp mykje av tradisjonane som opphavleg var knytte til Mischief Night. Dei to kveldane går føre seg i nært tidsrom, og fantestykkjer med knask eller knep på allehelgensaftan er blitt ein tradisjon her til lands også. Difor har eg valt å omsette Mischief Night til “allehelgensaftan” (s. 12). Det rommar mykje av det same, og det synest som at dei to dagane er ganske “hips om haps” også i engelsktalande land. Dette har eg gjort for sikre flyt i teksten. Også av omsyn til heilskap og flyt, har eg omsett “Workers’ Educational Association” (McGregor 278) til “Folkeuniversitetet” (s. 11). Med tanke på å halde på presisjonen i innhaldet, kunne eg tenkje meg å late det stå som det er, men sidan eg elles i teksten berre har late geografiske namn stå på engelsk, måtte det bli Folkeuniversitetet. Omsettinga av Mischief Night er det omgrepet eg har mest dårleg samvit for, med tanke på at

presisjonen ikkje er optimal og at det særeigne *engelske* dermed ikkje er blitt tatt tilstrekkeleg vare på. Men eg har landa på at det er eit offer eg må gjere av omsyn til heilskapen i teksten. Det er også eit døme på kor vanskeleg det er å halde seg konsekvent til eigne mål gjennom heile omsettinga. Utgangspunktet mitt ved starten av omsettinga av *Reservoir 13* var å ta vare på det britiske best råd og sikre best mogleg presisjon. Men utover i arbeidet med omsettinga merka eg, ofte til eiga forundring, at eg ofte prioriterer stil og flyt når eg vert stilt til veggs.

Nokre ord om enkelte ord og vendingar

Ei setning som går igjen i romanen er: “the river turned over beneath the packhorse bridge” (McGregor 277). Desto meir frustrerande er det sjølvsagt at eg ikkje er heilt sikker på kva dette inneber. Då eg leita etter informasjon om dette, kom det konsekvent fram info om stillestående vatn. Då inneber “water turning” at det om sumaren er varmast vatn på overflata og kaldast på botnen, medan det om vinteren er kaldast på overflata og varmast på botnen. På hausten og våren vert det sirkulasjon – water turning – og same temperatur i heile vatnet. Men eg fekk ikkje dette til å rime med elva, for i denne boka nyttast “turned” om elva uavhengig av kor seint ho fløymer. Betyr det enkelt og greitt at elvelaupet svingar? Eg hallar mot det siste. Eg har valt å omsette til: “Elva vende under steinbrua” (s. 10). Det er litt vagt og kan innebere fleire tolkingar. Det er heilt i orden sidan eg ikkje vil legge for mykje føringar for lesaren og fordi originalen også synest vag. Ein annan faktor i denne avgjersla, er at McGregor ved inngongen til kvart kapittel skriv: “At midnight when the year turned” (McGregor 287). “Turned” bør omsettast likt når det gjeld både elva og året, då det neppe er tilfeldig at McGregor nyttar ordet begge stader. Boase-Beier skriv:

As the reader I (...) assume the stylistic features in each case to be relevant and use them as clues to what I reconstruct as a feasible interpretation of the author’s or narrator’s view, position, beliefs or, more generally, cognitive state, in each case. Assuming style is relevant, the extra effort required to process the alliteration and the other instances of repetition, which involves recognising the similarities that link the repeated elements, must result in greater cognitive gains (Boase-Beier 279).

På grunn av repetisjonen og atkjenninga av lenkja mellom elva og årsskiftet, kan bruken av “turned” vere ein av nøklane til å skjøne ambisjonen til *Reservoir 13*. Ordet kan såleis vere med å auke den kognitive vinsten av å lese romanen. Romanen har, som tidlegare nemnt, ikkje noka konvensjonell og klår handling, og hovudtemaet synest rett og slett å vere tid. I romanen fylgjer vi livshjulet til naturen og menneska. Repetisjonen av setningane om elva og årsskiftet kan symbolisere det stabile og det visse; dei er trufaste eiker i års- og livshjulet, og dei syner korleis både menneskeleg og ikkje-menneskeleg natur ikkje nødvendigvis forandrar

seg stort, men heller går i sirkulære rørsler. Samstundes er det nyanseskilnader: elva renn, men den same elva renn aldri to gonger; året skiftar, men det same året byrjar aldri to gonger; eit livsløp kan likne, men aldri vere identisk med eit anna. Eg har heldt på “vende,” og omsett starten av kapittelet til: “Ved midnatt då året vende” (s. 15). At året vender, tek forhåpentlegvis vare på hjultanken. Samstundes gjev setningane om elva og året dermed den viktige gjenklagen i kvarandre.

Eit anna døme på enkeltord som har vore trøblete å omsette, er då Martin vitjar barnebarnet på sjukehuset. Augneblinken der han held spedbarnet skildrast som: “holding the walnut-faced thing in his big hands” (McGregor 267). Dette er omsett til “han heldt nurket med det valnøtt-skrukkete andletet i dei store hendene” (s. 5). I denne setninga var det vanskeleg å få språket like kort og glatt som i originalen. Det er rart å kalle eit spedbarn for ei sak eller ein ting på norsk, men nurket kan vere tilstrekkeleg anonymt og objektivt til å vere i samsvar med den engelske setninga. Så vidt eg veit er ikkje “walnut-faced” eit vanleg engelsk uttrykk, difor tok eg den fridom å konstruere “valnøtt-skrukkete.” Det er litt forunderleg, men det er etter mi meining originalen også. Det kunne kanskje vore nok med “skrukkete,” men eg likar biletet valnøtt gjev. McGregor hadde ikkje valt det ordet om det ikkje var akkurat det biletet han ynskte å formidle. Difor skal eg stå for at det er litt merkeleg språkleg. Her har eg prioritert biletet framfor elegant språk. Det finst heilt sikkert meir grasiøse løysingar, men det var dette eg kom fram til.

“Blankofullmakt” (s. 13) er også eit ord som stikk seg noko ut i denne omsettinga. Då Cathy nektar å punge ut 105 pund for den lange symjeturen til Mr. Wilson, seier ho: “She said she hadn’t thought she was writing a blank cheque” (McGregor 282). Dette er omsett til “Ho sa ho ikkje trudde det var ei blankofullmakt ho hadde signert” (s. 13). Slik eg forstår omgrepet “blank cheque,” så inneber det at Cathy i så fall hadde gjeve Mr. Wilson løyve eller fullmakt til å krevje så mykje pengar han vil. Det har ho ikkje gjort. Blankofullmakt er litt omstendeleg og drastisk. Samstundes har dei dei to gått i klinsj, og krangelen er relativt frisk. Det er kanskje ikkje så unaturleg å komme med eit lett overdrive, sarkastisk og kvast omgrep i ein slik samanheng. Og sjølv om blankofullmakt per definisjon ikkje har noko med fyrste verdskrig å gjere, så er det kanskje det folk assosierer ordet med. Såleis vert omgrepet hakket hardare, men krangelen mellom Cathy og Mr. Wilson fører til at dei ikkje er på talefot på ei stund, så slik sett er det ikkje heilt unaturleg å nytte ordet i denne konteksten.

Når det gjeld botaniske uttrykk i denne boka, så er eg heldig som har ein bror som er botanikar. Det har også vore taknemleg at mange av artane referert til i boka også finst i

norsk flora. Ved eit tilfelle skildrar McGregor spinatblad som: “thick-veined spinach leaves” (McGregor 310). “Tjukknerva” (s. 26) var forslaget eg kom på, og botanikaren meinte at dette var eit greitt ord å nytte om eit bognande spinatblad. Det var kanskje ikkje det ein botanikar ville sagt aller fyrst – det kunne vitne om ei litterær tilnærming, som han sa – men det var samstundes godt forståeleg og brukande. Eit anna ord som har ein mild samanheng med planter er “carrier-bagful” (McGregor 269). Ordet vert nytta i samanhengen: “Broad beans started coming off the allotments by the carrier-bagful, and were shucked into saucepans from their softly lined pods” (McGregor 269). Det fine med “carrier-bagful” er at det – ved hjelp av berre eitt uttrykk – tek med seg bønnene frå hagelappen til gryta. Først omsette eg dette til “i hopetal,” fullt klar over at det som gjer setninga god på engelsk, forsvann på norsk. Eg vurderte noko relatert til korg, men lenger oppe på same sida nyttar eg “ei korg” for “basket-full,” og eg vil unngå unødig gjentakning. Til slutt fekk eg tips om ordet “poselaster.” Det tek vare på frakta og reisa frå hageparsellen til gryta, så difor har eg har landa på omsettinga: “Hestebønner byrja å skyte opp på hageparsellane i poselaster, og vart reinska ut av dei svakt stripete skolmane og ned i grytene” (s. 6).

Den raude tråden mellom “valnøtt-skrukkete,” “blankofullmakt,” “poselaster” og “tjukknerva” er prioriteringa av biletet, trass i at orda kanskje ikkje kling så glatt. Samstundes har denne kommentaren forsvara mange tilfelle der eg har prioritert flyt og rytme framfor presisjon. For meg illustrerer dette at sjølv om eg stort sett har valt ein stilistisk innfallsvinkel i denne omsettinga, så finst det ikkje nokon fasit. Nida hevdar at: “Languages are entirely too creative a means of communication to ever be subjected to precise and absolute formulations of rules and regulations” (Nida 229). Eg meiner, som Nida, at språk er altfor mangfaldige til at det finst ei rigid oppskrift eller prinsipp å fylgje slavisk under ei omsetting. Slik eg tolkar det, artikulterer Nida den uunngåelege pragmatikken ein må ha med seg under arbeid med omsetting når han seier:

What one must attempt, however, is an effective blend of “matter and manner,” for these two aspects of any message are inseparably united. Adherence to content, without consideration of form, usually results in a flat mediocrity, with nothing of the sparkle and charm of the original. On the other hand, sacrifice of meaning for the sake of reproducing the style may produce only an impression, and fail to communicate the message. (...) However (...) assigning of priorities must never be done in a purely mechanical fashion (Nida 134).

Eg støttar Nida i denne ikkje-mekaniske tilnærminga til omsetting. Slik eg ser det, har omsettingsteori høg nytteverdi med tanke på å verte meir medviten på eigne val i arbeidet

med omsetting. Men eg ynskjer ikkje å støtte meg konsekvent til nokon teoretisk, prinsipiell kjepphest når eg arbeider med omsetting.

Politiske ukorrekte ord og vendingar

Det har ikkje vore så mange tilfelle av politisk ukorrekte uttrykk i denne romanen, men då Miriam Pearson samanliknar den manglande lyssettinga i landsbyen med “the black hole of Calcutta” (McGregor 281) har eg omsett dette til “svartaste Calcutta” (s. 12). Ifylgje Encyclopædia Britannica var “Black Hole of Calcutta” eit fangehol der fleire britiske soldatar vart tekne til fange av ein muslimsk herskar av Bengal i 1756. Etter at det Aust-Indiske Handelskompaniet fekk kontroll over Calcutta, vart det sett opp minnesmonument over dei falne britane. Etter frigjeringa av India, vart det kravd at desse minnesmerka skulle takast ned på grunn av imperialismen og rasismen det heile minna om. Det er naturleg om “Black hole of Calcutta” er eit betent omgrep. Karakteren som nyttar omgrepet i romanen, vert gjort merksam på at det ikkje lenger høver seg. “Svartaste Calcutta” er ikkje like spesifikt som den engelske versjonen, og det utelet den spesifikke historiske referansen. Samstundes vil eg tru at når Calcutta er nemnt i ein britisk roman, så vil det automatisk dra assosiasjonane til imperialismen og britisk innverknad. “Svartaste” spelar på rasismen som ligg latent når Miriam Pearson dreg fram Calcutta. Ein skal naturlegvis vere påpasseleg og medviten på korleis ein nyttar omgrep som spelar på rasisme, men denne kvinna vert korrigert og minna om at slik ordbruk ikkje høver seg.

I romanen er det også eit tilfelle der mora til James vert introdusert for den mørkhuda dama hans. I teksten seier mora til ei venninne: “She might not be as pretty as that other one (...) But I can at least pronounce her name. (...) And she’s black of course, but I haven’t a problem with that” (McGregor 283). Dette har eg omsett til: “Ho er kanskje ikkje like pen som ho andre (...) Men eg kan i det minste uttale namnet hennar. (...) Og så er ho svart sjølvsagt, men det er ikkje noko problem for min del” (s. 14). Det er noko tilforlateleg, men tydeleg anstrengt i det ho seier. Om hudfargen ikkje spela noka rolle, så hadde vel ikkje karakteren nemnt den informasjonen i utgangspunktet. Eg har vore litt uroa for at skepsisen hennar kjem tydelegare fram i originalen enn i omsettinga mi. Eg vurderte å legge på eit *altså* – “men det er ikkje noko problem for min del, altså” – for å få tydelegare fram strevet hennar for å ikkje verke rasistisk. Samstundes kan dette vesle ordet gjere ho meir sympatisk enn kva originalteksten legg opp til. Avslutninga “altså” har noko lysteleg og uskuldig over seg, og det kan i mine øyre gjere ho meir sympatisk. Til slutt droppa eg “altså,” for å gjere det meir nøytralt og legge mindre føringar, slik at lesaren kan vurdere desse nyansane sjølv.

Konklusjon

